Er det gjort tiltak, eller er feilen/skaden utbedret?

- **Ja**

Ufaglært arbeid:

1. **Hvilket år ble jobben fullført?:** 2020

   Beskrivelse av arbeidet: Alt av kledning i kjelleren er fjernet. Klar til å bygge opp igjen

11. Vet du om det er gjort arbeid med drenering, enten av deg eller tidligere eiere?

- **Ja**

Faglært arbeid:

1. **Hvilket år ble jobben fullført?:** 2021

   Firmanavn: Bjerck / kvalsvik

   Beskrivelse av arbeidet: Det blir gravt ut og lagt drenering rundt hele huset.

Gjelder dreneringsarbeidet hele eller deler av boligen?

- **Hele boligen**

12. Vet du om det er, eller har vært, fukt, sopp eller råteskader i boligen/sameiet/borettslaget?

- **Ja**

Ja, vindvang til kjeller. og kjelleren før det ble drenert

Er det gjort tiltak, eller er feilen/skaden utbedret?

- **Ja**

Faglært arbeid:

1. **Hvilket år ble jobben fullført?:** 2021

   Firmanavn: Bjerck / kvalsvik

   Beskrivelse av arbeidet: Det blir gravt ut og lagt drenering rundt hele huset.

13. Vet du om det er, eller har vært, skadedyr eller sjenerende insekter på eiendommen eller i boligen?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

Tekniske installasjoner

14. Vet du om det er, eller har vært, feil på vann- eller avløpsanlegg?

- **Ja**

gammelt septiktank. dårlig stoppekran

Er det gjort tiltak, eller er feilen/skaden utbedret?

- **Ja**

Faglært arbeid:

1. **Hvilket år ble jobben fullført?:** 2021

   Firmanavn: Bjerck / kvalsvik

   Beskrivelse av arbeidet: Lagt opp nytt stoppekran og oppbygging derfra. Og nytt avløpp med ny septiktank

15. Vet du om det er gjort arbeid på vann og avløp, enten av deg eller tidligere eiere?

- **Ja**

Faglært arbeid:

1. **Hvilket år ble jobben fullført?:** 2021

   Firmanavn: Bjerck / kvalsvik

   Beskrivelse av arbeidet: Lagt opp nytt stoppekran og oppbygging derfra. Og nytt avløpp med ny septiktank

16. Vet du om eiendommen har privat vannforsyning, vannbrønn, septiktank, pumpekum, avløpskvern eller lignende?

- **Ja**

Har du opplevd at dette har vært ustabilt?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

17. Vet du om det er, eller har vært, feil eller skader knyttet til sentralfyr, radiator, ventilasjon, varmepumpe, kjøkkenvifte, baderomsvifte eller andre installasjoner?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

18. Vet du om det er gjort arbeid på sentralfyr, radiator, ventilasjon, varmepumpe eller andre installasjoner, enten av deg eller tidligere eiere?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

19. Vet du om det er, eller har vært, feil eller skader knyttet til ildsted eller pipe?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

20. Vet du om det er gjort arbeid på ildsted eller pipe, enten av deg eller tidligere eiere?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

21. Vet du om det finnes oljetank på eiendommen?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

22. Vet du om det er, eller har vært, feil eller skader på det elektriske anlegget?

- **Ja**

Stort rapport fra e trygg ved overtakkelse av huset. Alt er utbedret i henhold til NEK 400

Er det gjort tiltak, eller er feilen/skaden utbedret?

- **Ja**

Faglært arbeid:

1. **Hvilket år ble jobben fullført?:** 2020

   Firmanavn: Fokus elektro

   Beskrivelse av arbeidet: Nytt strøminntakket og utbedring av avviksrapport fra E-trygg.

23. Vet du om det er gjort arbeid på det elektriske anlegget, enten av deg eller tidligere eiere?

- **Ja**

Faglært arbeid:

1. **Hvilket år ble jobben fullført?:** 2020

   Firmanavn: Fokus elektro

   Beskrivelse av arbeidet: Nytt strøminntakket og utbedring av avviksrapport fra E-trygg.

Eiendommen og omgivelsene

24. Vet du om bruken av eiendommen eller området rundt kan endres av foreslåtte eller vedtatte reguleringsplaner, nabovarsel, offentlige vedtak eller lignende?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

25. Vet du om det finnes kommunale pålegg, heftelser eller krav knyttet til eiendommen eller boligen?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

26. Vet du om boligen eller eiendommen har blitt endret eller bygget ut etter opprinnelig byggeår, enten av deg eller tidligere eiere?

- **Ja**



nytt terrasse/ utebod

Er tiltaket godkjent av kommunen?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

27. Vet du om kjelleren eller loftet er innredet etter opprinnelig byggeår, enten av deg eller tidligere eiere?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

28. Vet du om det mangler midlertidige brukstillatelser eller ferdigattester fra kommunen?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

29. Vet du om det har vært flom, ras, skred eller lignende på eiendommen, eller om den ligger i et fareområde?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

30. Har eiendommen utleiedel, for eksempel en leilighet, hybel eller lignende?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

31. Består boligen av flere, selvstendige boenheter?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

32. Vet du om det er gjort radonmåling på eiendommen, enten av deg eller tidligere eiere?

- **Ja**

vår 2020

33. Vet du om det finnes skaderapporter, tilstandsvurderinger, boligsalgsrapporter eller om det er utført målinger for boligen?

- **Ja**

tidliger salgsrapport

34. Vet du om noe i nabolaget som kan være plagsomt eller ubehagelig for kjøperen?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

35. Vet du om du selv eller sameiet/borettslaget/laget/selskapet er innblandet i uenigheter eller konflikter rundt eiendommen?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

36. Vet du om det finnes planer, vedtak eller forslag som kan føre til økte utgifter, som festeavgift, fellesutgifter, fellesgjeld eller kommunale avgifter?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

Generelt

37. Har boligen garasje eller øvrige tilleggsbygninger?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

38. Vet du om det er gjort arbeid på eiendommen som ikke er nevnt i de andre spørsmålene?

- **Ja**

Faglært arbeid:

1. **Hvilket år ble jobben fullført?:** 2021

   Firmanavn: Bjerck

   Beskrivelse av arbeidet: Masse utskifting under bil oppstillings plass

39. Vet du om det er, eller har vært, feil på tilbehør som følger med eiendommen?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

40. Er det bestilt Norgespris på strøm?

- **Nei**

41. Har du andre opplysninger om boligen eller eiendommen, utover det du har svart?

- **Nei, ikke som jeg kjenner til**

Bolig selges med boligselgerforsikring


Selger har kjøpt Fremtind boligselgerforsikring.

Boligselgerforsikringen dekker mangler som selger er ansvarlig for etter avhendingsloven, med de unntakene som følger av forsikringsvilkårene.


Hvis du oppdager noe du mener kan være en mangel, må du reklamere til Fremtind innen to måneder etter at du oppdaget, eller burde oppdaget, forholdet. Dette gjør du på fremtind.no.


Husk at du som kjøper ikke må begynne å utbedre forholdet før du har fått svar på reklamasjonen. Da kan du som kjøper miste retten til å reklamere over forholdet. Du har likevel en plikt til å begrense en eventuell skade - for eksempel ved å tørke opp vannsøl etter en vannlekkasje og sørge for at lekkasjen stopper.


Oversiktskart





Teig 1 (Hovedteig)




Godkjend med dl ein viser
vedt. fylgjeskriv
21/8 1962.
KINN BYGNINGSRÅD
21/8 1962
FASADE MOT VEST
FASADE MOT SYD
Godkjent
Statens distriktsarkitekt for Vestlandet
25.JUL.1961
FASADE MOT ØST
FASADE MOT NORD
TYPE 51+ BLAD 2.
FASADER. MÅL 1:100


Godkjend med di ein viser
til vedl. fylgjeskriv
av 21/8 1962
KINN BYGNINGSRÅD
21/8 1962.
Godkjent
Statens distriktsarkitekt for Vestlandet
25. JUL. 1961
SNITT A-A
PLAN AV 2. ETASJE
PLAN AV KJELLER
PLAN AV 1. ETASJE
TYPE 51+ BLAD 1


Godkjend med di ein visar
vedl. fylgjeskriv
21/6 1962.
KINN BYGNINGSRÅD
21/6 1962
FASADE MOT VEST
FASADE MOT SYD
Godkjent
Statens distriktsarkitekt for Vestlandet
25. JUL. 1961
FASADE MOT ØST
FASADE MOT NORD
Gamalt
Ny
H 1,5 m
B150
B150
H180
H180
FLORA KOMMUNE
22 JUN 2010
Tenesteorgan
TYPE 51÷ BLAD 2.
FASADER MÅL 1:100


GRENSE
ALTAN
EKSIST. ALTAN
GRENSE

Kinn kommune

Ledningskart

Eiendom: 27/332
Adresse: Breivikvegen 5A
Dato: 02.06.2026
Målestokk: 1:1000

N

UTM-32

Vannledning | Overvannsledning | Kum | Hydrant
Spillvannsledning | Avløp felles | Sluk

Kartet viser kommunale ledningstraseer (vann og avløp) der dette finnes. Private stikkledninger tegnes der disse er registrert. Informasjon hentes fra kommunens digitale ledningskartverk.



Det tas forbehold om at det kan forekomme feil, mangler eller avvik i kartet. Spesielt gjelder dette usikre eiendomsgrenser.
VA-ledninger kan være tegnet parallellforskjøvet og mange private ledninger mangler i kartet.
Dette kartet kan ikke brukes som erstatning for situasjonskart i byggesaker.

Utskriftsdato: 02.06.2026

Kinn kommune

Adresse: Postboks 314, 6702 MÅLØY
Telefon: 411 61 375

Planopplysninger

EM §6-7 Oppdragstakerens undersøkelses- og opplysningsplikt Kilde: Kinn kommune

Kommunenr.	4602	**Gårdsnr.**	27	**Bruksnr.**	332	**Festenr.**		**Seksjonsnr.**	
Adresse	Breivikvegen 5A, 6905 FLORØ								

Opplysningene omfatter gjeldende planer og pågående planarbeid for eiendommen. Nærmere opplysninger om den enkelte plan med dokumenter, mindre endringer, etc finnes på internett, se lenker under. Oppgitte delarealer viser planinformasjon på eiendommen.

Det tas forbehold om riktigheten eller fullstendigheten av opplysningene i dette dokumentet. Det kan ikke rettes krav som følge av at disse opplysningene benyttes som grunnlag for beslutninger.

Plantyper med treff

- Kommunedelplaner

Plantyper uten treff

- Kommuneplaner
- Kommunedelplaner under arbeid
- Reguleringsplaner under bakken
- Reguleringsplaner under arbeid
- Reguleringsplaner under arbeid i nærheten
- Bebyggelsesplaner over bakken
- Midlertidige forbud
- Kommuneplaner under arbeid
- Reguleringsplaner
- Reguleringsplaner over bakken
- Reguleringsplaner bunn
- Bebyggelsesplaner
- Bebyggelsesplaner under bakken

Kommunedelplaner

Besøk kommunens hjemmeside for mer informasjon.

Id	20200001
Navn	Kommunedelplan Florelandet Brandsøy
Plantype	Kommunedelplan
Status	Endelig vedtatt arealplan
Ikrafttredelse	16.06.2022
Bestemmelser	- https://www.arealplaner.no/4602/dokumenter/4727/F%c3%b8resegner_Gjeldande.pdf
Delarealer	**Delareal** 498 m^2 **KPHensynsonenavn** H190_1,2 **KPSikring** Andre sikringssoner
	Delareal 498 m^2 **Arealbruk** Boligbebyggelse,Nåværende **Områdenavn** B1


Kinn kommune

Kommuneplankart

Eiendom: 27/332
Adresse: Breivikvegen 5A
Utskriftsdato: 02.06.2026
Målestokk: 1:2000


N

UTM-32



Kartet er produsert fra kommunens beste digitale kartbaser for området og inneholder viktige opplysninger om eiendommen og området omkring.
Presentasjonen av informasjon er i samsvar med nasjonal standard.
Kartet kan inneholde feil, mangler eller avvik i forhold til kravene i oppgitt standard.
Kartet kan ikke benyttes til andre formål enn det formålet det er utlevert til uten samtykke fra kommunen jf. lov om åndsverk.

Tegnforklaring



KINN KOMMUNE

Kommunedelplan Florelandet - Brandsøy
2022

Føresegner og retningslinjer

Planid	20200001
Dato	13.06.2022, sist revidert 22.06.2022
Status	Vedteke i kommunestyret 16.06.2022, sak KOST 095/22
Utarbeidd av	Heidi Dyrøy og Marianne Grytten
Kontrollert av	Janicke Svendal og Kristian Ferdinand Adolphsen

Innhald

1 INNLEIING 4

1.1 Verknader av planen (pbl. §§ 11-5 OG 11-6) 4
1.2 Forholdet til eksisterande planar (pbl. § 1-5) 4
1.3 Føresegner og retningslinjer si oppbygging og struktur 4

2 FELLES FØRESEGNER 5

2.1 Plankrav (pbl. § 11-9 nr. 1) 5
2.2 Risiko, sårbarheit og naturfare 5
2.3 Energi (pbl. § 11-9 nr. 3 og nr. 8) 6
2.4 Vassforsyning, avløp og overvatn (pbl. § 11-9 nr. 3) 6
2.5 Veg og transport (pbl. § 11-9 nr. 3) 6
2.6 Byggjegrenser (pbl. § 11-9 nr. 5) 7
2.7 Universell utforming (pbl. § 11-9 nr. 5) 7
2.8 Omsyn til barn og unge sine interesser (pbl. §§ 1-1, 11-9 nr. 5 og nr. 8) 7
2.9 Krav til leikeareal/felles uteopphaldsareal (pbl. § 11-9 nr. 5) 8
2.10 Parkering (pbl. § 11-9 nr. 5) 8
2.11 Klima (pbl. § 11-9 nr. 6) 10
2.12 Estetikk, byforming og arkitektur (pbl. § 11-9 nr. 6 og 7) 10
2.13 Kunst i offentleg rom (pbl. § 11-9 nr. 6) 10
2.14 Natur, landskap og grøntstruktur (pbl. § 11-9 nr. 6) 10
2.15 Støy (pbl. § 11-9 nr. 6) 12
2.16 Renovasjon (pbl. § 11-9 nr. 6) 13
2.17 Bevaring av eksisterande bygningar og kulturmiljø (pbl. § 11-9 nr.7) 13
2.18 Rekkefølgjekrav (pbl. § 11-9 nr. 4) 13
2.19 Avtalar (pbl. § 11-9 nr. 2) 14
2.20 Navigasjonsanlegg (pbl. § 11-11 nr. 4) 14

3 BYGG OG ANLEGG (PBL. § 11-7 NR.1) 15

3.1 Bustader - B 15
3.2 Sentrumsføremål - BS 19
3.3 Offentleg eller privat tenesteyting - BOP 21
3.4 Idrettsanlegg – BIA 21
3.5 Næring - BN 22
3.6 Andre typar bygningar og anlegg - BAB 23
3.7 Grav og urnelund - BGU 24
3.8 Kombinert byggje- og anleggsformål - BKB 24
3.9 Fritids- og turistformål - BFT 26

4 SAMFERDSELANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL§ 11-7 NR. 2) 27

4.1 Veg – o_SV 27
4.2 Hovednett for sykkel – SHS 27
4.3 Lufthamn - SBG 27
4.4 Hamn - SHA 28
4.5 Molo – SMO 28
4.6 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur – S 28
4.7 Parkering - P 28
4.8 Kombinerte føremål -SKF 28

5 GRØNTSTRUKTUR (PBL § 11-7 NR.3) 30

5.1 Naturområde - GN 30
5.2 Kombinerte grøntstrukturføremål – GKG 30
5.3 Turdrag GTD 30
5.4 Friområde - GF 30

6 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL (PBL §11-7 NR.5) 30

6.1 Landbruks-, natur og friluftsformål - LNF 30
6.2 Landbruks-, natur og friluftsformål for spreidd bygging - LS 30

7 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL § 11-7 NR.6) 31

7.1 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE - V 31
7.2 FRILUFTSOMRÅDE- VFR 31
7.3 FERDSEL - VFE 31
7.4 FARLEI - VF 31
7.5 KOMBINERTE FØREMÅL I SJØ OG VASSDRAG MED ELLER UTAN TILHØYRANDE STRANDSONE - VKA 31
7.6 SMÅBÅTHAMN - VS 31
7.7 HAMN - VHS 31

8 OMSYNSSONER (PBL § 11-8) 32

8.1 RESTRIKSJONSSONE LUFTHAMN H190_1-3 32
8.2 RESTRIKSJONSSONE STØY H210 OG H220 32
8.3 FARESONE RAS H310 32
8.4 FARESONE HAVNIVÅSTIGNING/FLAUM H320 32
8.5 FARESONE HØGSPENT H370 32
8.6 RESTRIKSJONSSONE INFRASTRUKTUR H410 32
8.7 OMSYNSSONE FRILUFTSLIV H530 33
8.8 OMSYNSSONE NATURMILJØ H560 33
8.9 VERN AV KULTURMINNER/KULTURUMILJØ H570 33
8.10 BANDLEGGING ETTER LOV OM KULTURMINNER H730 33
8.11 KRAV OM FELLES PLANLEGGING H810 34
8.12 REGULERINGSPLAN SKAL FRAMLEIS GJELDE H910 (PBL § 11-8 F) 35

9 VEDLEGG 36

9.1 KNUTEPUNKT 36

1 INNLEIING

1.1 Verknader av planen (pbl. §§ 11-5 OG 11-6)

Kommunedelplan for Florelandet - Brandsøy viser hovudtrekka i arealdisponeringa, samt rammer, føresetnadar og omsyn ved nye tiltak og ny arealbruk. Kommunedelplanen består av plankart, føresegner og planomtale med tilhøyrande risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS) og konsekvensutgreiing (KU).

Føresegnene til arealdelen er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk. Føresegnene inneheld både generelle føresegner som gjeld for fleire arealbruksføremål og særskilte føresegner knytt til det enkelte arealbruksføremål.

Plankartet og føresegner er sist revidert 22.06.2022, plankartet er i målestokk 1:15.000 i A0. Ved motstrid mellom plankart og føresegner går plankartet føre.

Tiltak som ikkje er i samsvar med føresegnene og plankartet må handsamast som plansak, eller dispensasjonssak med heimel i plan- og bygningslova § 19-2. Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på statlege og regionale rammer og mål, jf. plan- og bygningslova § 19-2, fjerde ledd.

1.2 Forholdet til eksisterande planar (pbl. § 1-5)

Kommunedelplan for Florelandet –Brandsøy med tilhøyrande føresegner gjeld innafor område vist på plankartet.

Hovudregelen i lova er at vedtekne reguleringsplanar gjeld vidare ved vedtak av ny kommuneplan. Jf. § 1-, andre ledd, vil det likevel der det er motstrid mellom føresegner i kommunedelplan Florelandet-Brandsøy og føresegner i gjeldande reguleringsplan, vere føresegnene i kommunedelplanen som går føre innanfor desse områda. Det same gjeld for prinsipp i kommunedelplan for universell utforming og kommunedelplan for sykkel.

Godkjende reguleringsplanar som skal gjelde utan endringar er vist som omsynssoner H910 i plankartet, jf. pbl. § 11-8 bokstav f.

1.3 Føresegner og retningslinjer si oppbygging og struktur

Tekst som ligg i grå tekstboks er juridisk bindande føresegner. Retningslinjer, som ikkje har juridisk verknad, står utanfor grå tekstboks. Retningslinjene er rettleiande for kommunen si sakshandsaming og kan ikkje brukast som sjølvstendig grunngjeving for vedtak.

Føresegnene er delt i to kategoriar: overordna felles føresegner som gjeld for alle område, og i stads-spesifikke føresegner knytt til namngjeve planformål som vist i plankartet. Føresegner som gjeld for enkeltområda med eventuelle avvik frå felles føresegner, er beskrive for det enkelte planformål.

Status N (noverande områder) viser til arealføremål som er tilsvarande det dei var satt av til i førre plan, og F (framtidige områder) viser til ny arealbruk for områda. Veg var ikkje teikna inn som føremål i førre planperiode, så her settast status til N for vegar som er eksisterande, medan nye vegstrekk og veg som skal utviklast i planperioden settast med status F.

Det har vore sett opp nokre naust innanfor planområdet kor området har vore regulert som noko anna i gjeldande kommunedelplan. I område som har vore regulert bustad, næring eller andre bygg, kor det i dag er oppført naust, er nausta koda som noverande. Naust som ligg i område kor det i gjeldande kommunedelplan har vore regulert til LNF, vil vere koda som framtidig då avviket i frå førre kommunedelplan er større.

2 FELLES FØRESEGNER

2.1 Plankrav (pbl. § 11-9 nr. 1)

a) Det vert sett krav om detaljreguleringsplan for gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, jf.pbl § 12-1.

b) For saker som ikkje nødvendigvis omfattast av punkt 2.1 a, vil kommune kunne krevje regulering ved større tiltak som til saman eller kvar for seg kan ha betydning for omgjevnadene. Nedanfor følgjer døme på dette (lista er ikkje uttømmande):

- tiltak som kan påverke mange interesser.
- tiltak som er i strid med kommunen sine vedtekne mål og prioriteringar.
- tiltak som har konsekvensar for infrastruktur (veg, vatn, avlaup) som til dømes behov for ny infrastruktur, eller utbetring av eksisterande.
- tiltak som treng nærare dokumentasjon, vurdering og avklaring i høve til føresegner om estetikk, arkitektur og byutvikling.

c) Det stillast krav til utarbeiding av felles detaljreguleringsplan jf. omsynssone H810. Sjå kapittel 8. Fordeling av planskapt netto verdiauke etter jskl. §§ 3-30 til 3-32 må vurderast.

2.2 Risiko, sårbarheit og naturfare

Naturfare

a) Planlegging og tiltak skal utførast i samsvar med TEK17 kap. 7 slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av hendingar knytt til naturfare. For tiltak i omsynssonar, sjå òg føresegner punkt 8.

b) Bygg som er viktige for beredskap, FAST-anlegg og storulykkeverksemder skal plasserast utanfor områder med naturfare.

c) For søknadspliktige tiltak som ligg i omsynssone for ras, for steinsprang og/eller snøskred, skal det utarbeidast faresonekart. Før området kan takast i bruk skal det vere gjort fagkunnige utgreiingar, og eventuelle sikringstiltak skal vere gjennomført.

d) Nivå for stormflo vert sett til kote 3,0 (NN2000) i planområdet. Desse kotehøgdene er førande, og kan fråvikast i den einskilde plansak/byggesak dersom det vert dokumentert at andre verdiar kan leggjast til grunn. Det skal då gå fram av saka kva høgde som er lagt til grunn for dei einskilde tryggleiksklassane i TEK17. Ved berekning av stormflo-nivå er det 95-persentilen for år 2100 i RCP8.5 senarioet som skal leggjast til grunn. Planerte flater og kaier må etablerast på ein slik måte at toppnivå kan hevast i takt med nivå for havstigning. Det må takast omsyn til havnivåheving ved plassering av tekniske installasjonar. Infrastruktur og konstruksjonar som er vesentleg for stabilitet må etablerast over sone for stormflo.
Stormflo skal reknast ut i frå følgjande formel:
Stormflo = Returnivå for stormflo med klimapåslag + signifikant bølgjehøgde.

e) Nye bygg og anlegg skal plassert med ein minimumsavstand på 20 m til elver/bekkar.

Beredskap

f) Ved etablering av nye bygg/verksemder i eksisterande næringsområde skal det følgje ei heilskapleg risikovurdering av verksemda sin aktivitet opp i mot etablerte verksemder og infrastruktur i området, med vekt på fare for ulykke, avbøtande tiltak og beredskap.

g) Infrastruktur skal som hovudregel leggjast i grunnen.

h) Ved ny utbygging, både i eksisterande områder og nye områder, skal det dokumenterast sikker tilkomst for utrykkingskøyretøy og tilfredsstillande sløkkjevasskapasitet for både byggefelt og tilgrensande områder på land.

2.3 Energi (pbl. § 11-9 nr. 3 og nr. 8)

a) I samband med regulering av byggjeområde skal det for planområdet utarbeidast energiutgreiing som gjer greie for valde løysingar for fornybar energiforsyning og lågt energiforbruk. Etablering av nærvarmeanlegg skal vurderast i større bygg og byggeområde. Reguleringsplanar skal gjennom føresegner etter § 12-7 nr 8 ta stilling til spørsmålet om vassboren varme.

b) I område med krav om reguleringsplan eller ved oppføring av nye bygg, skal alle nybygg oppfylle krav til energikarakter grøn B eller betre i energimerkesystemet.

c) Krava i TEK 17 om energiforsyning er faste og kommunen vil ikkje gje unntak dersom kravet fører til meirkostnader over bustadbygningars livsløp.

d) Det kan monterast solceller på tak på nye bygg som ein integrert del av den estetiske og arkitektoniske utforminga. På eksisterande bygg kan solceller monterast på tak dersom det ikkje sterkt reduserer bygget sin arkitektoniske kvalitet.

e) Ved etablering av nye næringsbygg skal det etablerast el-bil lading på parkeringsplass. Talet ladeplassar må tilpassast prosjektet og dokumenterast i byggesaka. Dersom det vert oppført 3 eller fleire nye bueiningar samla, skal det etablerast el-bil lading ved alle parkeringsplassane.

Retningslinje: Der det går kraftleidningar med lågare spenningsnivå gjennom byggjeområde bør jordkabel vurderast i samband med planlegging og utbygging.

2.4 Vassforsyning, avløp og overvatn (pbl. § 11-9 nr. 3)

a) Krav om VA-rammeplan skal inngå i alle reguleringsplanar. Rammeplanen skal vise prinsippløysingar for området, samanheng med overordna system og dimensjonere og vise handtering av overvatn.

b) Handsaming av overvatn skal dokumenterast i alle byggesaker. Det skal takast høgde for klimaendringar med eit klimapåslag på 40%. Ved nye utbyggingar over større områder skal det i detaljreguleringsplan leggjast til rette for lokal overvasshandtering gjennom lokal infiltrasjon i grunnen og i opne vasstrengar.

c) Det skal i alle plan- og byggesaker dokumenterast tilfredsstillande sløkkjevasstilgang.

d) I alle byggesaker skal det dokumenterast følgjande avstandar til offentlege VA-leidningar:
- 6 m til hovudleidningar
- 4 m til andre leidningar

2.5 Veg og transport (pbl. § 11-9 nr. 3)

a) Kommunedelplan for sykkel skal leggjast til grunn for val av løysingar i arealplanar og søknad om tiltak.

b) For område avsett til sentrumsformål, forretning, tenesteyting og næring skal det dokumenterast tilfredsstillande forhold for varelevering og transport.

c) Det skal leggast til rette for god intern gang- og sykkeltransport.

d) Tilkomstveg til bygning skal vere planlagt med omsyn til samfunnstryggleik og sivilt beredskap, og i samsvar med krav sett i teknisk forskrift.

e) For å ikkje auke trafikkfare grunna lukking av hjortetrekk, skal kunnskap om dette takast omsyn til i reguleringsplanar og byggesaker.

Retningslinje: Statens vegvesens vegnormalar og kommunen sin veg-norm bør leggjast til grunn for dimensjonering og val av løysingar i arealplanar og søknad om tiltak.

2.6 Byggjegrenser (pbl. § 11-9 nr. 5)

a) Dersom ikkje anna går fram av detaljreguleringsplan er byggegrensa mot kommunal veg 4 m frå vegføremål for alle bygg.

b) Mot fylkesvegar er byggegrensa 15 m frå senterlinje og Rv. 5 er byggegrensa 50 m frå senterlinje dersom ikkje anna går fram av detaljreguleringsplan.

c) Bygg skal ikkje byggjast nærare privat veg enn 4 meter frå vegkant.

d) Gatelys kan plasserast i eigedomsgrenser.

e) Dersom ikkje anna går fram av detaljreguleringsplan er det dei generelle avstandsreglane i plan- og bygningslova § 29-4 og SAK10 § 4-1 som er gjeldande for føremåla under bygg- og anlegg. Unntak for avstand til veg, sjå punkt a og b over. For at naustområde skal kunne ha tettare plassering må tryggleikstiltak mot brannspreiing vere ivareteke.

f) Mot sjø er byggegrense lik føremålsgrense der områda er sett av til bygg- og anlegg.

2.7 Universell utforming (pbl. § 11-9 nr. 5)

a) Universell utforming (UU) skal ivaretakast i all planlegging og utbygging i samsvar med krav sett i plan- og bygningslova med forskrifter, i lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne (diskriminerings – og tilgjengelighetslova) og gamle Flora kommune sin kommunedelplan for universell utforming.

b) Område og bygg med publikums-retta formål skal ha universell utforming av publikums-retta bruksareal.

c) Offentlege rom (gater, plassar, allmenningar og parkar) skal ha universell utforming med vekt på tilgjenge for alle derunder rørslehemma, svaksynte og høyrselshemma.

d) Det skal dokumenterast korleis krav til UU vert oppfylt i all planlegging og søknad om tiltak, opparbeiding av bygg og anlegg, inkludert tilkomst og uteområde.

e) Der anna ikkje er nemnt skal 40 % av bueiningane i nye bustadprosjekt vere universelt utforma.

2.8 Omsyn til barn og unge sine interesser (pbl. §§ 1-1, 11-9 nr. 5 og nr. 8)

a) Rikspolitiske retningsliner for barn og planlegging skal leggast til grunn for all planlegging og søknad om tiltak. Ved bygging av nye bustadar både i nye og eksisterande bustadområde skal barn og unge sine oppvekstvilkår takast særskild omsyn til, jf. plan- og bygningslova § 1-1.

b) Det skal takast spesielt omsyn til skulevegar, snarvegar, gang- og sykkelvegar og gode og varierte aktivitetsområde. Ved eventuell anna disponering av areal som er viktige for barn og unge sine aktivitetar skal det sikrast erstatningsareal med minst tilsvarande tilgang, storleik og kvalitetar, i samsvar med rikspolitiske retningsliner.

c) Areal til bruk for barn og unge skal utformast med god funksjonalitet og areala skal planleggast slik at areala til leik vert prioriterte.

d) Der det ligg føre barnetråkk-registreringar skal desse takast omsyn til i utarbeiding av reguleringsplan.

e) Områderegulering for bustadområde skal enten vise leikeplassar som arealføremål i plankartet eller ha planføresegn etter § 12-7 nr. 11 med krav om detaljregulering. Detaljregulering skal vise leikeplass som arealføremål i plankartet. Det må gå fram av planføresegner etter § 12-7 nr. 14 om ein leikeplass skal vere offentleg eller felles for fleire eigedomar.

2.9 Krav til leikeareal/felles uteopphaldsareal (pbl. § 11-9 nr. 5)

I bustadområde skal det setjast av felles leikeareal og uteopphaldsareal som vist i tabellen under ved utarbeiding av reguleringsplanar og ved søknad om tiltak. Delar av arealet kan etter utbyggingsavtale eller privatrettsleg avtale, der kvalitetar vert tilført, leggjast til nærliggjande park, natur- og friluftsområde, men skal ikkje overstige følgjande avstandskrav: småbarnsleik/ nærleikeplass maks 100m, kvartalsleikeplass maks 200m, større leikeområde maks 500m frå hovudinngang.

Minimumskrav til samla uterom	Grunnlag pr.	B2, B3, B7, B8, B9, B10, B11, B12, B13, B14, BKB 10	Andre områder
	100 m^2 BRA til bustadføremål	30 m^2	50 m^2
Del av samla uterom som skal setjast av til felles bruk når prosjektet er større enn 400 m^2 BRA til bustad-føremål og omfattar minst 4 bustadar		15 m^2	25 m^2

Krav til areal for felles leik:

a) Kommunen kan godkjenne at det i staden for opparbeiding av leikeareal/felles uteopphaldsareal på eigen grunn kan inngåast avtale for å nytte nærliggande grøntareal til formålet jf. avstandskrav over. Slik avtale må tinglysast.

b) Areal for felles leik skal vere sentralt plassert i høve til flest mogleg bustadar og i høve til grøntområde, stiar/snarvegar og turdrag i nærleiken. Ved plassering skal det og takast omsyn til klimatiske tilhøve. Det skal leggast til rette for opphald gjennom tilgang på sitteplassar.

c) Tilkomstvegar mellom bustader og leikeplassar skal vere trafikksikre og universelt utforma i samsvar med teknisk forskrift kap. 8 (TEK 17).

d) Leikeareala skal vere eigna for leik og opphald heile året og for ulike aldersgrupper, og vere universelt utforma i samsvar med teknisk forskrift kap. 8 (TEK 17).

e) Areala skal ha solrik plassering og vere skjerma mot sjenerande vind, ureining, støy, sterke elektromagnetiske felt, trafikkfare og anna helsefare.

f) Område med støynivå over 55 dB(A), areal sett av til køyreveg, parkering og fareområde kan ikkje reknast som leikeareal.

g) Areal avsett til leik skal som hovudregel ikkje vere brattare enn 1:3 og smalare enn 10 meter. Brattare eller smalare areal må ha særskilde kvalitetar, til dømes vere eigna til akebakke. Leikeareal skal vere plassert på bakken.

h) Opparbeiding av friareal, snarvegar og leikeplassar skal sikrast i alle planar gjennom at det stillast rekkefølgjekrav.

2.10 Parkering (pbl. § 11-9 nr. 5)

a) Parkeringsdekning og løysing skal dokumenterast ved all planlegging og alle søknader om løyve til tiltak etter pbl. § 20-1 bokstav a, b, d, e, g, j og l. Alle omsøkte tiltak skal ha parkeringsdekning i samsvar med krava i tabellen under.

b) Parkeringsplassar og garasjar skal plasserast slik at all manøvrering inn og ut skal gjerast på eigen grunn. Minst 5 % av biloppstillingsplassane skal vere utforma i tråd med krav til utforming av biloppstillingsplassar for rørslehemma i TEK 17.

8

c) Det er krav til opparbeiding av parkering på eigen tomt ved nye byggjearbeid og ved ombygging/bruksendring og påbygging. Det er mogleg å kjøpe og tinglyse rettar til parkering i offentlege parkeringsanlegg maks 500 meter frå bygg.

d) Felles parkeringsordning – frikjøpsordning: Kommunen kan godkjenne at det i staden for opparbeiding av parkeringsplassar på eigen grunn eller fellesareal, vert innbetalt eit beløp pr. manglande plass til kommunen for bygging av felles parkeringsanlegg i medhald av pbl. § 28-7. Satsen for frikjøp av parkeringsplassar vert fastlagt i samband med årsbudsjettet. Prisen justerast i samband med årleg fastsetting av kommunale avgifter og gebyr. Innbetalt beløp kan berre nyttast til opparbeiding av offentlege parkeringsanlegg.

e) For nye leilegheits- og næringsbygg skal parkering som hovudregel lokaliserast i kjeller/under terreng og ikkje på gateplan. Det kan gjerast unntak for HC- parkering som skal plasserast tett på hovudinngang. I tilfelle der det er skrånande terreng med stor høgdeskilnad frå eine sida av bygget til andre sida, så skal konkret løysing vurderast i kvart enkelt tilfelle. For endring, påbygg og ombygging av eksisterande bygg, så kan eksisterande parkering på gateplan behaldast.

f) Sykkelparkering skal leggjast nær inngang til publikumsbygg jf. krav til sykkelparkering. under.

g) Det skal leggast til rette for etablering av ladestasjon til elbil.

h) Krav til parkeringsplassar er eit minimum pr. eining (bustader) eller pr. begynt BRA på tomta.

Type verksemd	**Eining**	**Tal p-plassar**		**Tal sykkel-plassar**
A.		**Bustad**		
		B1 – B14	B15 – B32	I heile plan-området
Einebustad Rekkehus Leilighet Hyblar Omsorgsbustadar	Pr. bueining	1 1 0,5 0 0,2	2 1,5 1 0 -	3 3 3 1 1
B.		**Næringsverksemd**		
Forretning	Pr. 100 m^2 BRA	0.5		3
Kontor	Pr. 100 m^2 BRA	0.5		3
Industri og verkstad	Pr. 100 m^2 BRA	0.5		0.5
Lager	Pr. 100 m^2 BRA	0.3		0.5
Hotell og restaurant	Pr. 100 m^2 BRA	0.5		0.5
C.		**Anna verksemd**		
Kultur (kino, forsamlingslokale, kyrkje)	Pr. 100 m^2 BRA	0.2		3
Småbåthamn	Pr. båtplass	0.3		0.5
Undervisning (skule, barnehage)	Pr. 100 m^2 BRA	0.2		3

Idrettsanlegg	Pr. 100 m^2 BRA	0.1	5
*Dersom utbyggjarar av næringseigedom får godkjent å nytte felles parkeringsordning, vert parkeringskravet redusert med 25%.			

2.11 Klima (pbl. § 11-9 nr. 6)

a) Ved planlegging av nye byggjeområde og i søknad om tiltak skal det dokumenterast korleis omsyn til klimatiske tilhøve som sol, vind og kaldtras er ivaretatt.

b) Omsyn til ekstremvær skal ivaretakast ved prosjektering av bygg og uteopphaldsareal.

c) Planlegging og tiltak skal utførast slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av havnivåstigning og høg vasstand, jf. TEK17. § 7.2.

d) Tiltak skal utførast i varige og mest mogleg miljøvennlege materiale, tilpassa funksjon og omgjevnadene.

e) Overvatn skal fordøyast lokalt innanfor byggjeområdet. I plan- og byggesaker skal ulike tiltak for å begrense/forseinke avrenning av overvatn vurderast, til dømes drenerande flatar, grøne tak, grøne veggar, regnbed og vatnspeil.

2.12 Estetikk, byforming og arkitektur (pbl. § 11-9 nr. 6 og 7)

a) Det skal planleggjast for ein heilskapleg arkitektur innafor kvart byggjeområde og prinsippet om god arkitektur skal følgjast og dokumenterast i alle plan- og byggjesaker.

b) Nye tiltak skal ha eit formspråk som harmonerer med bygg og bygningsmiljø elles i området og ein skal dokumentere og grunngje forholdet mellom tiltaket (byggverk og uterom) og eksisterande tomte- og byggjestruktur. Dersom dei bryt med eksisterande volum og proporsjonar for området, skal dette løysast med formmessig oppdeling.

c) Bygningar skal ha ei heilskapleg form og volumoppbygging og fremje gode uterom. Tiltak skal dokumenterast med fasadeoppriss i høve omgjevnadene og omkringliggande bygg og anlegg. Det skal utarbeidast ei estetisk grunngjeving for valde løysingar. Det skal gjerast greie for plassering av tiltaket i forhold til tilstøytande busetnad, gateløp, terreng og siktlinjer. Grunngjevinga skal supplerast med illustrasjonar som visuelt viser tilpassing til eksisterande bygningsmiljø, gate/veg, uterom, siktlinjer og terreng.

d) Tiltak etter anna lovverk skal vurderast ut frå same kriteria som andre plan og byggjesaker.

e) Høgdefastsetjing skildrast med kotehøgde for gesims- og mønehøgde, og illustrerast med terrengprofilar med tverrsnitt og lengdesnitt av eksisterande og nye bygg.

Retningslinje: Prinsippa i Rettleiar er for byrom og arkitektur (vedlegg) skal leggast til grunn ved utforming av nye tiltak og ved rehabilitering.

2.13 Kunst i offentleg rom (pbl. § 11-9 nr. 6)

Innafor områder avsett til offentlege føremål og i friområder kan det etter ei fagleg vurdering av kvalitet oppførast permanente eller mellombelse kunstinstallasjonar/kunstverk.

2.14 Natur, landskap og grøntstruktur (pbl. § 11-9 nr. 6)

a) All planlegging og tiltak skal skje med omsyn til, og dokumentasjon av landskaps-, natur- og friluftsinteresser.

b) Ved utbygging i eksisterande regulerte områder og nye områder må kartlagde hjortetrekk takast vare på. Dette gjeld særskilt BKB 3, BKB 18, BKB 20 og BKB 23.

c) Ved arrondering av nye tomter/utbyggingsområder skal minimum 30% av det ubygde arealet ha vegetasjon. Korleis dette er løysast skal gå fram av situasjonsplan i byggjesaka.

d) Biologisk mangfald skal takast vare på i samsvar med Naturmangfaldslova.

e) Der kunnskap om biologisk mangfald ikkje er tilfredsstillande, gjeld føre var-prinsippet. Kommunen kan krevje at tiltakshavar gjennomfører undersøkingar for å forbetre kunnskapsgrunnlaget for vurdering av plan og tiltak.

f) Planlegging og tiltak skal underordne seg viktige landskapstrekk. Bygge- og anleggstiltak skal ikkje bryte åsprofilar, landskapssilhuettar og horisontlinjer. Større offentlege byggverk eller anlegg som er særskilt viktige for fellesskapet kan bryte med eksisterande karaktertrekk i landskapet. Forholdet mellom tiltaket og omkringliggande landskap skal dokumenterast og grunngjevast.

g) Naturgjevne og kulturskapte element som fungerer som blikkfang i landskapet (landemerke) skal bevarast og styrkast. Frå sjøen skal det bakanforliggande bylandskapet vere synleg og lesbart.

h) Bygge- og anleggstiltak som vert eksponert i landskapet skal plasserast og utformast slik at dei tek i vare heilskapen i natur- og kulturlandskapet. Dette gjeld særskilt ved tiltak som ligg ved og vert eksponert mot sjø.

i) Det skal planleggjast og leggjast til rette for ein samanhengande grøntstruktur.

j) Ved planlegging og utføring skal det leggjast vekt på terrengtilpassing, slik at ein i størst mogleg grad unngår flatplanering og skjeringar. I skrått terreng kan bygning der det er hensiktsmessig ha underetasje, eller avtrappast over fleire plan for best mogleg terrengtilpassing.

k) Ved søknad om løyve til tiltak skal det utarbeidast utomhusplan som dokumenterer god terrengtilpassing, terrengendringar og murar. Terrenghandsaming skal dokumenterast med snitt som viser råka terreng før og etter tiltaket.

l) Jord frå lokalitetar med framande artar skal handsamast for å unngå ytterlegare spreiing. Plan for å unngå dette må vere dokumentert i søknad om tiltak.

11

2.15 Støy (pbl. § 11-9 nr. 6)

a) Innafor område der støyverdiane ligg i raud sone, jf. T-1442 skal det ikkje tillatast oppføring av pleieinstitusjonar, skule, barnehagar og bustadar, med unntak av knutepunkta på Krokane og Havreneset. I desse områda kan det tillatast etablering av bustadar innafor raud støysone frå veg i sirkelen som viser 5 min gangavstand til senter (vedlegg til føresegane) føresett at alle bueiningar har ei stille side som stettar krav til støy i tabellen under, og at min 50% av rom for varig opphald ligg mot stille side. Rom for varig opphald mot støyutsett side som er soleksponert skal dessutan ha utvendig solavskjerming. Det skal etablerast uteopphaldsareal på stille side som stettar krav i tabellen under. Dette må dokumenterast gjennom ei støyfagleg utgreiing der støynivåa vert talfesta i tabell og/eller i berekningspunkt i kart for representative høgder, til dømes d ved fasadar og uteopphaldsareal.

b) Innafor områder der støyverdiane ligg i gul sone kan det etablerast nye bygg med støyfølsam bruk føresett at det kan gjerast avbøtande tiltak slik at støyverdiane i tabellen under vert stetta. Dette må dokumenterast gjennom ei støyfagleg utgreiing der støynivåa vert talfesta i tabell og/eller i berekningspunkt i kart for representative høgder, til dømes ved fasadar og uteopphaldsareal. Utgreiinga skal ligge føre samtidig med planforslag i plansaker, og være innarbeidd i plankart og føresegner eller ved søknad om rammeløyve i byggesaker.

Etablering av andre bygningar med støyfølsam bruk, t.d kontor og overnattingsstader, kan berre tillatast dersom krav til innandørs støynivå er tilfredsstilt.

Støykjelde	**Støynivå på uteopphaldsareal og utanfor vindauge til rom med støyfølsam bruksforemål**	**Støynivå utanfor soverom, natt kl. 23 – 07**	**Støynivå på uteopphaldsareal og utanfor vindauge til rom med støyfølsam bruksforemål, laurdagar**	**Støynivå på uteopphaldsareal og utanfor vindauge til rom med støyfølsam bruksforemål sun-/heilagdag**
Veg	L_{den} ≤ 55 dB	L_{5AF} ≤ 70 dB		
Flyplass	L_{den} ≤ 52 dB	L_{5AS} ≤80 dB		
Industri med døgndrift	Utan impulslyd: L_{den} ≤ 55 dB og $L_{evening}$ ≤ 50 dB Med impulslyd: L_{den} 50 dB og $L_{evening}$ ≤ 45 dB	L_{night} ≤ 45 dB L_{AFmax} ≤ 60 dB		
Anna industri	Utan impulslyd: L_{den} 55 dB og $L_{evening}$ 50 dB Med impulslyd: L_{den} 50 dB og $L_{evening}$ 45 dB	L_{night} 45 dB L_{AFmax} 60 dB	Utan impulslyd: L_{den} 50 dB Med impulslyd: L_{den} 45 dB	Utan impulslyd: L_{den} 45 dB Med impulslyd: L_{den} 40 dB
Hamner og terminaler	Utan impulslyd: L_{den} 55 dB Med impulslyd: L_{den} 50 dB	L_{night} 45 dB, L_{AFmax} 60 dB		

Definisjonar til dei ulike støygrensene går fram av T-1442

Støy frå bygge-og anleggsverksemd skal følgje krav vist i tabellen under

Bygningstype	**Støykrav på dagtid ($L_{pAeq12h}$ 07-19)**	**Støykrav på kveld (LpAeq4h 19-23) eller sun-/heilagdag (LpAeq16h 07-23)**	**Støykrav på natt (LpAeq8h 23-07)**
Bustad/fritidsbustad	65	60	45
Skule/barnehage	60 i brukstid		

Med følgjande tillegg for langvarig arbeid:

Anleggsperiodens lengde	**Grenseverdiane for dag i tabellen ovanfor vert skjerpa med:**
Frå 0-6 veker	0
Frå 7 veker til og med 6 månader	3 dB
Meir enn 6 månader	5 dB
Støygrensene kan fråvikast for kortare periodar, dersom dette vert kompensert med avbøtande tiltak. Avbøtande tiltak og forventa effekt av desse skal dokumenterast i ein driftsplan for anleggsdrifta	

2.16 Renovasjon (pbl. § 11-9 nr. 6)

a) Ved utbygging av nye område skal det settast av tilstrekkeleg og eigna område for renovasjon, som oppfyller krav i gjeldande vedtekter for renovasjon i Kinn kommune.

b) Ved etablering av 5 eller fleire bueiningar er det krav om eige bosshus/bossrom med tilfredsstillande tilkomst for renovasjonsbil.

2.17 Bevaring av eksisterande bygningar og kulturmiljø (pbl. § 11-9 nr.7)

a) Innanfor omsynssonene H570-serien, skal eksisterande bygningsmiljø og tilhøyrande landskap takast vare på som heilskap og ikkje få redusert kvalitet.

b) Konsekvensar for eventuelle kulturminne skal vurderast i alle plan- og byggesaker, også i sjø.

c) I alle plan og byggesaker skal det leggjast vekt på kvalitet og at historisk, arkitektonisk eller annan kulturell verdi blir ivaretatt. Tiltak skal vurderast som del av eit større kulturmiljø som del av eksisterande kulturminne, kulturmiljø og landskap.

d) Nye tiltak skal ta omsyn til verdiar og særpreg ved eksisterande bygg og bygningsmiljø og tilpassast desse med omsyn til bygnadsstruktur, storleik, form, material- og fargebruk. Ei vurdering utifrå eit heilskapleg kulturmiljø skal leggast til grunn ved vurdering av tiltaket.

2.18 Rekkefølgjekrav (pbl. § 11-9 nr. 4)

a) Kommunen skal vurdere konsekvensane av reguleringsplanar for bustader når det gjeld kapasitet på skule og barnehage. Dersom kommunen ikkje finn akseptable løysningar kan ikkje reguleringsplanen bli godkjent.
b) Ved tiltak i sjø skal det gjerast undersøkingar kring mogleg ureina grunn i samband med regulering eller byggesak.
c) For tiltak som gjer vesentleg konsekvensar for riks- og fylkesvegnettet vert det stilt krav om trafikkanalyse.
d) Før det gjennomførast tiltak skal området undersøkast for framande artar, og massar skal handterast på ein forsvarleg måte.

Ved rammesøknad

e) Ved rammesøknad for etablering av nye bygg/verksemder i eksisterande næringsområder skal det følgje ei heilskapleg risikovurdering av verksemda sin aktivitet opp i mot etablerte verksemder og infrastruktur i området, med vekt på fare for ulykke, avbøtande tiltak og beredskap.

f) Ved rammesøknad i nye byggjeområder må følgjande dokumenterast:
- Tilknyting til kommunaltekniske anlegg, vassforsyning og avløp
- el-forsyning
- trafikksikker tilkomst for gåande, syklande og køyrande. Når det gjeld fortetting kan, dersom ikkje noko anna tilseier det, gjeldande infrastruktur for tilkomst nyttast.
- Tiltaksplan for forureina grunn, dersom slik er registrert innafor det omsøkte arealet.
- Driftsplan for anleggstida i høve støy, jf. punkt 2.15.d.

Ved bruksløyve

g) Før det vert gitt bruksløyve etter plan- og bygningslova § 21-10 for bygg må følgjande vere etablert:
- leikeplassar og andre felles uteområde.
- vegar
- parkering
- busstopp
- fortau/gang- og sykkelvegar i samsvar med reguleringsplan og krav sett i byggjeløyve
- fortau/gangveg langs riksveg, fylkesveg og kommunal veg fram til tilfredsstillande infrastruktur for gang/sykkel
- tilstrekkeleg sløkkjevasskapasitet og tilkomst for beredskapskøyretøy er etablert.

2.19 Avtalar (pbl. § 11-9 nr. 2)

Privatrettslege avtalar eller utbyggingsavtalar kan nyttast for å oppnå tilfredsstillande kvalitet på byggeprosjekt. Dersom anna eigedom vert teke i bruk skal avtalen tinglysast som hefte på denne eigedomen. Utbyggingsavtale skal utformast i samsvar med gjeldande retningsliner for bruk av utbyggingsavtalar, jf. vedtak i Flora bystyre 06.10.2009, sak 091/09.

2.20 Navigasjonsanlegg (pbl. § 11-11 nr. 4)

Vedlikehald, fjerning og nyetablering av navigasjonsinstallasjonar innanfor planområdet er tillate jf. pbl. §1-8, 4.ledd og §11-11 nr. 4

3 BYGG OG ANLEGG (PBL. § 11-7 NR.1)

3.1 Bustader - B

a) Føremålet gjeld byggjeområde sett av til heilårsbustader med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og fellesareal.

b) I eksisterande bustadområde der reguleringsplan ikkje seier noko anna, kan det oppførast opptil ein garasje/uthus kor verken samla bruksareal (BRA), eller bygd areal (BYA) overstig 50 m^2. Dette forutsett at total utnytting av eigedommen ikkje overstig angitt BYA innanfor kvart einskild bustadområde som lista opp i 3.1 j. Garasjen kan førast opp i inntil ein etasje, og kan i tillegg være underbygd med kjellar i bratt terreng der kjellaren kan senkast.

c) Ved utbygging skal alle eigedomar og bueiningar, inkludert naboeigedomar, ha eitt tilgjengeleg areal utomhus for opphald med sol på ettermiddag/kveld i sommarhalvåret. Soltilhøve må dokumenterast i nye byggjesaker.

d) Ved fastsetting av høgder viser tal i tabellen under til maks byggehøgde, jfr TEK 17 § 6.2. Føresetnaden for å bygge inntil maks høgde er at det kan dokumenterast at bokstav c er oppfylt. På flate tomter og tomter med lite eller middels fall skal høgda fastsetjast i forhold til planert terrengs gjennomsnittsnivå rundt bygningen. På sterkt skrånande tomter skal høgde fastsetjast i forhold til planert terreng forran bygningen og ikkje gjennomsnittsnivå rundt bygningen. Dersom ein vel å nytte terrengmur i framkant av bygget, skal maks høgde reknast frå foten på terrengmuren.

e) Dersom ikkje anna er fastsett i føresegnene for dei einskilde områda, eller reguleringsplan, følgjer byggegrenser mot naboeigedom dei generelle reglane i Plan- og bygningslova § 29-4, jfr punkt 2.6 e.

f) Der det stillast krav om reguleringsplan skal god arkitektonisk utforming og gode estetiske kvalitetar vektleggast særskilt.

g) Der det stillast krav om reguleringsplan skal det stillast rekkjefølgjekrav knytt til opparbeiding av leikeplass/felles uteopphaldsareal.

h) Ei bueining må ha alle nødvendige romfunksjonar, dvs. stue, kjøkken, soverom, bad og toalett, for å kunne fungere sjølvstendig og uavhengig av bygningen forøvrig. Inngangsparti og uteareal kan delast med andre einingar.

i) Parkering skal etablerast på eigen grunn.

j) Bygg høgare enn 9 meter må vurderast gjennom reguleringsplan.

Nr	Stad	BYA	Reg. krav	Status	Særskilde føresegner for områda
B1	Havreneset	BYA 40%	Nei	N	• Einebustadar/tomannsbustader. • Byggehøgd er inntil 7 meter så lenge krav i felles føresegner er oppfylt. • Eksisterande tomter kan delast i to med etablering av ei ny bueining dersom krav i felles føresegner er oppfylt. • Byggegrense mot sjø er 30 meter.
B2	Havrenes-vegen	BYA 45%	Nei	N	• Einebustad/tomannsbustad/ kjedehus/rekkehus • Tomter kan slåast saman/delast i frå under føresetnad av at krav i felles føresegner vert oppfylt. • Byggehøgd er inntil 9 meter så lenge krav i felles føresegner er oppfylt. • Innanfor eit byggeprosjekt med etablering av fleire bueiningar skal 60 % av bustadane skal ha minst to soverom, og

					minst 40 % av bustadane skal ha minst tre soverom.
B3	Havreneset	BYA 50%	Ja	N	• Rekkehus/kjedehus/lågblokk. • Uteområde skal vere universelt utforma. • Minst 50 % av bustadane skal ha to soverom. • I lågblokker som etablerer minst eit fellesrom på bakkeplan med tilgang til bad og kjøkkenkrok tillatast det at alle bueiningar har eit soverom.
B4	Sørsida av Storåsen	BYA 30%	Nei	N	• Einebustad. • Maks byggehøgde inntil 7 meter så lenge krav i felles føresegner er oppfylt. • Ved etablering av overbygd uteopphaldsareal kan BYA aukast til 45%. • Byggegrense mot sjø er 30 meter med unntak i område som ligg over kote 10 kor byggegrense er satt til 15 meter.
B5	Thor Solberg vegen	BYA 30%	Nei	F	• Einebustad. • Kan samanføyast med eksisterande tomter i området. • Byggehøgd er inntil 7 meter så lenge krav i felles føresegner er oppfylt. • Ved etablering av overbygd uteopphaldsareal kan BYA aukast til 45%.
B6	Kinnvegen til Krokane med Jagedals-marka/ Båtevika/ Kleiva	BYA 45%	Nei	N	• Einebustad/fleirmannsbustad/ rekkehus/kjedehus. • Byggehøgd er 9 meter så lenge krav i felles føresegner er oppfylt. • I fleirmannsbustad skal minst 40 % av bustadane skal ha minst to soverom og minst 60% av bustadane skal ha minst tre soverom. • Byggegrense mot sjø er 30 meter.
B7	Kinnvegen – Åsheimveg en	BYA 50%	Ja	F	• Tomannsbustad/rekkehus/kjedehus/ lågblokk • Minst 50 % av bustadane skal ha meir enn eit soverom. • I lågblokker kor ein etablerer fellesrom på bakkeplan med kjøkkenkrok og bad kan alle bueiningar ha eit soverom.
B8	Gartneri-hagen	BYA 50%	Ja	N	• Lågblokker
B9	Krokane	BYA 50%	Nei	N	• Einebustad/fleirmannsbustad/rekkehus/ kjedehus/lågblokker • Fortettingsområde. Tomter kan slåast saman/delast i frå føresett at krav i felles føresegner vert oppfylt. • Byggehøgd er opptil 9 meter så lenge krav i felles føresegner er oppfylt. • I fleirmannsbustader skal minst 50 % av bustadane skal ha meir enn eit soverom. • I lågblokker som er universelt utforma og som etablerer fellesrom på bakkeplan med sanitær kan alle bueiningar ha eit soverom.
B10	Gaddevåg - Hjortevika	BYA 40%	Nei	N	• Einebustad/rekkehus/kjedehus • Maks mønehøgd/gesimshøgd inntil 7 meter så lenge krav i felles føresegner er oppfylt. • Det må dokumenterast at bygg og uteopphaldsareal har tilfredstillande støyforhold i høve aktivitet på Westcon, jfr punkt 2.15 og Rv5.

					• Byggegrense mot sjø er 30 meter.
B11	Bustader nær rv.5	BYA 45%	Nei	N	• Einebustad/rekkehus/kjedehus/lågblokk • Byggehøgd er inntil 9 meter så lenge krav i felles føresegner er oppfylt. • Det må dokumenterast at bygg og uteopphaldsareal har tilfredsstillande støyforhold i høve Rv5, jfr punkt 2.15. • Tiltak som skal avdempe påverknad av støy innandørs og på uteopphaldsareal skal tillatast.
B12	Olav Sindreson veg	BYA 50%	Ja	N	• Lågblokker. • Bygningsmassen kan byggast ut i eit eller fleire bygg som kan dele parkeringskjellar og heisanlegg. • Maks byggehøgde er inntil 9 meter, eller alternativ byggehøgde kan fordelast som følgjer: 1/3 av bygningsmassen er 13 meter, 1/3 av bygningsmassen er 10 meter og 1/3 av bygningsmassen er 7 meter. • Parkering skal etablerast under bakken. • Det skal etablerast fortau langs heile vestsida, sørsida og austsida av området. • Byggegrense mot eksisterande veg er 6 meter. • Felles uteopphaldsareal skal knytast på grøntområde i B13 ved at det blir tilrettelagt med gangveg gjennom anten leikeplass/park/grøntområde. • Det skal etablerast ein tverrforbindelse frå vest til aust for gåande. • Det må dokumenterast at bygg og uteopphaldsareal har tilfredsstillande støyforhold i høve Rv5, jfr punkt 2.15. • Minimum 50 % av bueiningane skal ha meir enn eit soverom. • I lågblokker som etablerer fellesrom på bakkeplan med kjøkkenkrok og bad kan alle bueiningar ha eit soverom.
B13	Bekkefaret – Jakob Sande veg	BYA 50%	Ja	N	• Einebustad/fleirmannsbustad/ rekkehus/kjedehus. • Det skal etablerast fortau langs heile Jakob Sandeveg. • Det er krav om samla regulering før tiltak i området kan tillatast. I planen skal bruk av eksisterande vassveg aktivt nyttast som landskapselement. • Det skal etablerast ein tverrforbindelse langs bekken frå Furutun til Olav Sindreson veg. • Det skal etablerast minimum to vegar for allmenn bruk frå Bekkefaret til tverrforbindlelse langs bekken. • Det skal etablerast gangveg frå tverrforbindelse langs bekken som knyter seg på gangveg i B13.
B14	Havikbotn	BYA 30%	Ja	N	• Einebustader • Byggehøgde inntil 7 meter så lenge krav i felles føresegner er oppfylt.
B15	Botnaholten nord	BYA 35%	Nei	N	• Einebustader • Byggehøgde inntil 7 meter så lenge krav i felles føresegner er oppfylt.

B16	Mårkroken	BYA 35%	Ja	F	• Einebustad/fleirmannsbustad/ rekkehus/kjedehus. • Maks byggehøgd inntil 9 meter så lenge krav i felles føresegner er oppfylt.
B17	Torvmyrane/ Botnaholten sør	BYA 35%	Nei	N	• Einebustader Byggehøgde inntil 7 meter så lenge krav i felles føresegner er oppfylt.
B18	Bjørndalsvegen/Brandsøyvegen	BYA 35%	Ja	F	• Einebustad/fleirmannsbustad/ rekkehus/kjedehus • Maks bygge høgde inntil 9 meter så lenge krav i felles føresegner er oppfylt. • Det må dokumenterast at bygg og uteopphaldsareal har tilfredsstillande støyforhold i høve Fv5704, jfr punkt 2.15.
B19	Solheim og Brandsøy	BYA 35%	Nei	N	• Einebustad/tomannsbustad • Byggehøgd er inntil 7 meter så lenge krav i felles føresegner er oppfylt. • Det må dokumenterast at bygg og uteopphaldsareal har tilfredsstillande støyforhold i høve Fv5704, jfr punkt 2.15. • Byggegrense mot sjø er 45 meter.
B20	Solheim	BYA 35%	Ja	N	• Einebustad/tomannsbustad/ rekkehus/kjedehus. • Byggehøgd er inntil 7 meter så lenge krav i felles føresegner er oppfylt. • Minst 40 % av bustadane skal ha meir enn eitt soverom, og minst 60 % av bustadane skal ha meir enn to soverom • Det må dokumenterast at bygg og uteopphaldsareal har tilfredsstillande støyforhold i høve Fv5704, jfr punkt 2.15. • Byggegrense mot sjø er 45 meter.
B21	Tømmervelta	BYA 35%	Ja	F	• Einebustad/tomannsbustad. • Minst 40 % av bustadane skal ha minst to soverom, og minst 60 % av bustadane skal ha minst tre soverom. • Det må dokumenterast at bygg og uteopphaldsareal har tilfredsstillande støyforhold i høve Fv5704, jfr punkt 2.15. • Byggegrense følgjer føremålsgrense.
B22	Slettevoll	BYA 35%	Ja	N	• Einebustad/tomannsbustad/ kjedehus/rekkehus. • Minst 40 % av bustadane skal ha minst to soverom, og minst 60 % av bustadane skal ha minst tre soverom.. • Det skal etablerast ein tverrforbindelse frå vest til aust som knyter seg på nabolaga på kvar side. Felles uteopphaldsareal skal ligge knytt til denne. • Det må dokumenterast at bygg og uteopphaldsareal har tilfredsstillande støyforhold i høve Fv5704, jfr punkt 2.15.
B23	Plassen	BYA 40%	Ja	N	• Tomannsbustad/kjedehus/rekkehus/ lågblokk. • Det må dokumenterast at bygg og uteopphaldsareal har tilfredsstillande støyforhold i høve Fv5704, jfr punkt 2.15. • Byggegrense følgjer føremålsgrense.
B24	Brandsøy	BYA 35%	Ja	N	• Einebustad/tomannsbustad • Byggehøgd er inntil 7 meter så lenge krav i felles føresegner er oppfylt.

					• Det må dokumenterast at bygg og uteopphaldsareal har tilfredsstillande støyforhold i høve Fv5704, jfr punkt 2.15. • Byggegrense mot sjø er 45 meter.
B25	Planteskule -vegen	BYA 35%	Nei	N	• Einebustad/tomannsbustad. • Byggehøgde er maksimalt 9 meter.
B26	Gamle Brandsøy skule	BYA 35%	Nei	F	• Einebustad/tomannsbustad. • Maks mønehøgd/gesimshøgd inntil 9 meter. • Minst 40 % av bustadane skal ha minst to soverom, og minst 60 % av bustadane skal ha minst tre soverom.
B27	Planteskule -vegen	BYA 35%	Nei	N	• Einebustad/tomannsbustad/ kjedehus/rekkehus. • Maks mønehøgd/gesimshøgd inntil 9 meter. • I bygg med fleire bueiningar skal minst 30 % ha minst to soverom, og minst 70 % skal ha minst tre soverom. • Ved søknad om byggjeløyve skal det leggjast fram plan for utbygging av heile B27. • Garasjar/carportar inntil 50 m² BTA/BRA kan plasserast inntil 2 m frå regulert vegformål dersom dei står parallelt med vegen, og 5 m frå regulert vegføremål dersom dei står vinkelrett på vegen.
B28	Bakkane	BYA 35%	Ja	N	• Einebustad. • Byggehøgd er 7 meter. • Bygging er ikkje tillate før kryss mot Rv5 er utbetra.
B29	Fjellvegen	BYA 35%	Ja	N	• Einebustad/tomannsbustad. • Byggehøgd er 7 meter. • Bygging er ikkje tillate før kryss mot Rv5 er utbetra.

3.2 Sentrumsføremål - BS

a) Ved fastsetting av høgder viser tal i tabellen under til maks byggehøgde, jfr TEK 17 § 6.2.

b) Dersom ikkje anna er fastsett i føresegnene for dei einskilde områda, eller reguleringsplan, følgjer byggegrenser mot naboeigedom dei generelle reglane i Plan- og bygningslova § 29-4, jfr punkt 2.6 e.

Nr	**Stad**	**Utnyt. grad**	**Krav om reg.plan**	**Status**	**Særskilde føresegner for områda**
BS1	Havrenes-vegen – Nordnes-vegen	BYA 50 %	Nei	N	• Næring/bustad.
BS2	Kinnvegen – Pr. Gjelsvik veg	BYA 60 %	Nei	F	• Det kan etablerast publikums-retta næring og/eller bustad i området. • Areal for uteopphaldsareal kan etablerast på tak. • Maks mønehøgd/gesimshøgd inntil 9 meter. Det må dokumenterast at bygg og uteopphaldsareal har tilfredsstillande støyforhold i høve Fv445, jfr punkt 2.15

					• Ved etablering av eit fellesrom (sove/opphald/sanitær) kan alle leilegheiter ha eit soverom.
BS3	Krokane sentrum	BYA 70%	Ja	F	• Det kan settast opp eit bygg på fire etasjar. • Det skal etablerast parkering i kjellar. • Bebyggelse skal brytast opp med minst ein akse som går frå nord til sør. • På sørsida av bebyggelse skal det etablerast ein offentleg allmenning tilgjengeleg for mjuke trafikkantar med offentlege møteplassar og sykkelparkering. • Parkeringskjellar kan byggast med BYA 90% og kan vere felles for alle bygg. • Første nivå kan nyttast til næring/lager/parkering/renovasjon. • Andre nivå skal vere publikums-retta med handel eller til offentleg/privat tenesteyting. • Uteopphaldsareal skal møblerast på ein måte som stimulerer til opphald, og kan ha relasjon til aktivitet i bygg på andre nivå. • Nivå tre og fire skal nyttast til universelt utforma bustadeiningar. • God arkitektonisk kvalitet vil vektleggast særskilt i sakshandsaminga.
BS4	Krokane sentrum	BYA 50%	Ja	F	• Det kan settast opp eit bygg på mellom to og fire etasjar. • Bebyggelse skal trekkast mot nord. • Første nivå kan byggast med BYA 90% ved at areal på tak tilgjengeleggjerast ålmenta til uteopphaldsareal og sykkelparkering. • Første nivå kan nyttast til næring/lager/parkering/renovasjon. • Andre nivå skal vere publikums-retta med handel eller til offentleg/privat tenesteyting og skal leggast slik at en kan ta seg inn i bygget frå Dyreholtlia på same nivå, eller med stigningsgrad i samsvar med krav til universell utforming. • Minst 60 % av felles uteopphaldsareal skal vere på same nivå som Dyreholtlia, eller med stigningsgrad i samsvar med krav til universell utforming. • Det skal etablerast ei forbinding mellom Dyreholtlia og første nivå på austsida av bygget med trapp eller veg som er minst 2 meter brei. • Uteopphaldsareal skal møblerast på ein måte som stimulerer til opphald, og kan ha relasjon til aktivitet i bygg på andre nivå. • Nivå tre og fire skal nyttast til bustad eller kontor.

					• Utnytting av dette arealet er eit tillegg, og skal sjåast uavhengig av gjeldande reguleringsplan for området. • Det leggast opp til parallellhandsaming for plan- og byggesak. • God arkitektonisk kvalitet vil vektleggast særskilt i sakshandsaminga.

3.3 Offentleg eller privat tenesteyting - BOP

- Innafor desse områda er det krav om ei heilskapleg arealutvikling i samsvar med føremålet. Ved søknad om nye tiltak skal det dokumenterast kvalitet og utforming på uteopphaldsareal i samsvar med aktiviteten innafor området.

- For tiltak ved BOP2 – Kystmuseet, skal intensjonen om ivaretaking av kystlandskapet prioriterast i sakshandsaming. Det kan tilførast fleire verneverdig bygg ved friluftsmuseet der ei fagleg vurdering tilrår dette.

- Ved påbygg/tilbygg til eksisterande bygningsmasse skal naboeigedomar ha eitt tilgjengeleg uteopphaldsareal med sol på ettermiddag/kveld i sommarhalvåret. Soltilhøve må dokumenterast i nye byggjesaker.
- Maks byggehøgde innafor områda er 9 m, jfr TEK 17 § 6.2. Føresetnaden for å bygge inntil maks høgde er at det kan dokumenterast at bokstav b er oppfylt. På flate tomter og tomter med lite eller middels fall skal høgda fastsetjast i forhold til planert terrengs gjennomsnittsnivå rundt bygningen. På sterkt skrånande tomter skal høgde fastsetjast i forhold til planert terreng rundt bygningen og ikkje gjennomsnittsnivå rundt bygningen. Dersom ein vel å nytte terrengmur i framkant av bygget, skal maks høgde reknast frå foten på terrengmuren.

- Ved utviding/prosjektering/vidareutvikling av areal skal ein ta sikte på å legge til rette for mjuke trafikkantar gjennom å etablere sykkelparkering, benkar, fleire tilkomstar samt opparbeiding av stiar og gangvegar gjennom områda. Dette skal vurderast og takast stilling til i saka.

Nr	**Stad**
BOP1	Havreneset barnehage
BOP2	Kystmuseet
BOP3	Storevatnet barnehage
BOP4	Flora vidaregåande
BOP5	Krokane skule
BOP6	Krokane barnehage
BOP7	Solbakken asylmottak
BOP8	Furuhaugane barnehage
BOP9	Torvmyrane skule og barnehage
BOP10	Brandsøy skule og barnehage
BOP11	Rikets sal

3.4 Idrettsanlegg – BIA

Nr	**Stad**	**Krav om reg.plan**	**Status**	**Særskilde føresegner for områda**
BIA1	Hestesports-senter Gunnhildvågen	Ja	F	• Stall og uteområde for riding skal etablerast i nord. • Ridehall skal etablerast i sør. • Alle bygg skal utformast i tråd med Forskrift om velferd for hest. • Det skal stillast rekkefølgjekrav for avbøtande tiltak for støyskjerming.

BIA2	Havhesten	Nei	N	• Eksisterande badeanlegg og treningssenter
BIA3	Hundeklubb	Nei	N	• Område avsett til hundetrening. • Det er tillate å sette opp bu til lagring av utstyr

3.5 Næring - BN

a) Innafor desse områda er det krav om ei heilskapleg arealutvikling i samsvar med føremålet.

b) Ved påbygg/tilbygg til eksisterande bygningsmasse skal naboeigedomar ha eitt tilgjengeleg uteopphaldsareal med sol på ettermiddag/kveld i sommarhalvåret. Soltilhøve må dokumenterast i nye byggjesaker.

c) Ved fastsetting av høgder viser tal i tabellen under til maks møne/gesimshøgd, jfr TEK 17 § 6.2. Føresetnaden for å bygge inntil maks høgde er at det kan dokumenterast at bokstav c er oppfylt. På flate tomter og tomter med lite eller middels fall skal høgda fastsetjast i forhold til planert terrengs gjennomsnittsnivå rundt bygningen. På sterkt skrånande tomter skal høgde fastsetjast i forhold til planert terreng rundt bygningen og ikkje gjennomsnittsnivå rundt bygningen. Dersom ein vel å nytte terrengmur i framkant av bygget, skal maks høgde reknast frå foten på terrengmuren.

Nr	Stad	Utnyt. grad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
BN1	H-Vinduet Bauge	BYA 100%	Nei	N	• Maks møne/gesimshøgd 9 m.
BN2	Origo	BYA 70%	Nei	N	• Maks møne/gesimshøgd 9 m.
BN3	Industrivegen	BYA 70%	Nei	N	• Maks møne/gesimshøgde15 m.
BN4	Måsholmen industriareal	BYA 50%	Ja	F	• Området skal regulerast saman med SHA og det skal utarbeidast konsekvensutgreiing. • Området skal utviklast i samarbeid med Kystverket. • Det skal berre etablerast næring frå sjø til sjø. • Det skal ikkje etablerast kontor til andre enn etablerte bedrifter innanfor BN4, BN5 eller BN6. Behov skal dokumenterast. • Det kan etablerast kai.
BN5	Gunhildvågen nord	BYA 70%	Ja	F	• Området skal regulerast saman med parkering, P. • Det skal berre etablerast næring frå sjø til sjø. • Det skal ikkje etablerast kontor til andre enn etablerte bedrifter innanfor BN4, BN5 eller BN6. Behov skal dokumenterast. • Det skal tilretteleggast for felles parkeringsløysing med hestesportssenter, BIA1.
BN6	Gunhildvågen sør	BYA 70%	Nei	N	• Reguleringsplan, plan ID 20070110 skal framleis gjelde. For resten av området er maks møne/gesimshøgd 15 m. • Det skal berre etablerast næring frå sjø til sjø.

BN7	Gunhildvågen sør, næring	BYA 70%	Ja	F	
BN8	Havikbotn	BYA 70%	Nei	F	• Maks møne/gesimshøgd 9 m. • Området kan nyttast til lager. Det er ikkje tillate med utandørs lagring.
BN9	Brandsøya	BYA 60%	Ja	F	• Forretning/kontor. • Maks møne/gesimshøgd 9 m.
BN10	SFE Produksjon	BYA 70%	Nei	N	• Maks møne/gesimshøgd 15 m.
BN11	WIS	BYA 80%	Nei	N	• Maks møne/gesimshøgd 17 m. • Det kan etablerast inntil 6 hyblar innafor området.

3.6 Andre typar bygningar og anlegg - BAB

a) Innafor desse områda er det krav om ei heilskapleg arealutvikling i samsvar med føremålet.

Nr	Føremål	Særskilde føresegner for områda
BAB1	Naust	• Naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Bygga skal ikkje omdisponerast eller nyttast som fritidshus eller bustad. • Plassering av nye naust skal ikkje hindre fri ferdsel. BAB1 skal reknast som utmark, og det skal vere mogeleg for ålmenta å ferdast framfor bygga og mellom grupper av bygg. Det kan ikkje oppførast gjerde/levegg eller andre stengsler innafor områda. • Naust skal tilpassast landskap og terreng. Det skal gjerast minst mogeleg terrenginngrep/utfylling både på land og i sjø. • Bygg kan oppførast med maks utvendig takhøgde 5 meter frå lågaste golvnivå eller frå normalt høgvatn. Maksimalt bruksareal per eining er BRA = 40m^2. • For naust i område med eksisterande naust og sjøbuer skal byggjehøgde og bruksareal tilpassast eksisterande miljø. • Altan, balkong, terrasse, utkraging eller andre privatiserande bygningsdelar er ikkje tillaten. Dagslysflata på vindaugsareal skal ikkje overstige 3% av hovudplanet sitt bruksareal (BRA). • Naust skal ha uthuskarakter med omsyn til form, vindauge, materialbruk, overflatehandsaming mv. • Framfor nausta kan det etablerast båtopptrekk (skinnegang) og vorr til ombord- og ilandstigning. • Byggegrense følger formålsgrensa
BAB2	Småbåtanlegg	• Innafor områda kan det oppførast bygg og anlegg knytt til småbåthamna. • Føresegnene for naust er og gjeldande for desse områda. • Ved oppføring av anlegg for vedlikehald av båtar på land skal anlegga utformast slik at ein hindrar spreiing av forureining. Dette skal dokumenterast i byggjesøknad.
BAB3	Høgdebasseng	• Innafor områda kan det tillatast oppføring av høgdebasseng med tilhøyrande anlegg. • Byggegrense følger formålsgrensa.
BAB4	Sørstrand	• Området skal utbyggjast i samsvar med reguleringsplan 20100109
BAB5	Pumpestasjonar /slamavskiljarar	• Innafor områda kan det tillatast oppføring av pumpestasjon/slamavskiljarar med tilhøyrande anlegg. • Byggegrense følger formålsgrensa.
BAB6	Naust Furuholmen	• Området skal utbyggjast i samsvar med reguleringsplan 20110101

3.7 Grav og urnelund - BGU

a) o_BGU1 er eksisterande gravplass. Innfor dette området kan det oppførast bygg og anlegg knytt til føremålet.

b) o_BGU2 er areal avsett til framtidig gravplass. Området skal inngå i detaljreguleringsplan med o_SKF2 og o_SHS før det kan takast i bruk.

c) o_BGU3 er areal avsett til utviding gravplass. Innfor dette området kan det oppførast bygg og anlegg knytt til føremålet.

d) o_BGU4 er eksisterande gravplass Innfor dette området kan det oppførast bygg og anlegg knytt til føremålet.

e) o_BGU5 er areal avsett til utviding gravplass. Innfor dette området kan det oppførast bygg og anlegg knytt til føremålet.

3.8 Kombinert byggje- og anleggsformål - BKB

a) Innafor desse områda er det krav om ei heilskapleg arealutvikling i samsvar med føremålet.

b) I områder der reguleringsplan framleis skal gjelde vert det vist til punkt 1.2 i føresegnene i høve korleis eksisterande planar skal tolkast saman med denne planen.

c) Ved utbygging skal alle eigedomar og bueiningar, inkludert naboeigedomar, ha eitt tilgjengeleg uteopphaldsareal med sol på ettermiddag/kveld i sommarhalvåret. Soltilhøve må dokumenterast i nye byggjesaker.

d) Ved fastsetting av høgder viser tal i tabellen under til maks møne/gesimshøgd, jfr TEK 17 § 6.2. Føresetnaden for å bygge inntil maks høgde er at det kan dokumenterast at bokstav c er oppfylt. På flate tomter og tomter med lite eller middels fall skal høgda fastsetjast i forhold til planert terrengs gjennomsnittsnivå rundt bygningen. På sterkt skrånande tomter skal høgde fastsetjast i forhold til planert terreng rundt bygningen og ikkje gjennomsnittsnivå rundt bygningen. Dersom ein vel å nytte terrengmur i framkant av bygget, skal maks høgde reknast frå foten på terrengmuren.

e) Dersom ikkje anna er fastsett i føresegnene for dei einskilde områda, eller reguleringsplan, følgjer byggegrenser mot naboeigedom dei generelle reglane i Plan- og bygningslova § 29-4, jfr punkt 2.6 e.

Nr	Stad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
BKB1	Industrivegen	Nei	N	Planid 20170102 skal framleis gjelde
BKB2	Næring og bustad i Gunhildvågen	Nei	N	Skal være næring i 1 etg. Frå 2 etg kan det etablerast forretning/kontor og bustad. Krav i fellesføresegner i punkt 2 må følgjast. Maks mønehøgde/gesimshøgd er 13 m
BKB3	Knapstadmarka	Nei	N	Planid 20130101 skal framleis gjelde.
	Fimlandsmarka (BKB4)			Inngår ikkje i vedtatt KDP i hht kommunestyrevedtak KOST 095/22
BKB5	Vågavegen	Nei	N	• Planid 20110115 skal framleis gjelde
BKB6	Kinnvegen	Nei	N	• Planid 20110118 skal framleis gjelde.
BKB7	Sørstrand, friluftsområde	Nei	N	• Planid 20100109 skal framleis gjelde
BKB8	Soldalen	Nei	N	• Planid 20130109 skal framleis gjelde
BKB9	Dalvegen	Nei	N	• Bustad og offentleg/privat tenesteyting.
BKB10	Bjørkum – Sjøvegen	Ja	F	• Området skal regulerast saman med VKA5 innanfor omsynssone H810_7. • BYA 50% • Einebustad/rekkehus/kjedehus/lågblokk /terrassehus

				• På vestsida av vika skal strandsona opparbeidast og leggast til rette for ålmenta. • Det kan etablerast kajakkopphal, og næringsbygg kan settast opp i nærleiken. • Det kan settast opp naust. • Etablert gang- og sykkelveg frå Bjørkumvegen til Rv5 skal ivaretakast. • Det skal etablerast minst to gangtrasear på tvers av området frå Sjøvegen i nord til Bjørkumvegen i sør, og desse skal vere tilknytt felles uteopphaldsareal. • Eksisterande verkstad kan bestå, men det skal ikkje etablerast anna industri innanfor planområdet.
BKB11	Krokane	Nei	N	• Skal være butikk i 1 etg. Frå 2 etg kan det etablerast forretning/kontor og bustad. Krav i fellesføresegner i punkt 2 må følgjast. • Maks mønehøgde/gesimshøgd er 13 m.
BKB12	Krokane	Nei	N	• Planid 20160104 skal framleis gjelde for dette området
BKB13	Furutun	Nei	N	• Planid 20100110 skal framleis gjelde
BKB14	Furuhaugane	Ja	F	• Krav om detaljregulering vert gjeldande ved endra bruk av området.
BKB15	Mjølkeneset	Ja	N	• Ein -og tomannsbustad/rekkjehus, med tilhøyrande infrastruktur, grøntområder, leikeareal og naust. • BYA bustad er sett til 45% • Byggegrense for bustadar er 30 meter i frå sjøkant. • Krav om detaljregulering, der følgjande moment må avklarast og greiast ut: 1. Verknad av støy frå nærliggande nærings/industriverksemd på bustadfeltet. 2. Verknad for næringsaktivitet og moglegheit for vekst for nærliggande nærings/industri-verksemd gjennom etablering av bustadfeltet. 3. Utbyggingsrekkjefølgje i høve til infrastruktur, leike -og grøntareal m.m 4. Verknad på landskap. 5. Tiltak i strandsone og i sjø
BKB16		Ja	N	• Planid 20090113 gjeld inntil nytt planforslag for området er godkjend. • Det kan byggjast køyreveg til naustområde BAB1. • Ved bygging av køyreveg må det vurderast grensejustering av eksisterande eigedomar. • Nye bygg må ha tilfredsstillande avstand til eksisterande VA-leidningar aust i området. • Tilgang for ålmenta til strandsona skal sikrast.
BKB17	Havikbotn	Nei	N	• Planid 20060127 skal framleis gjelde
BKB18	Havikbotn	Nei	N	• Planid 20130107 skal framleis gjelde
BKB19	Botnaholten	Nei	N	• Planid 20130111 skal framleis gjelde
BKB20	Botnaholten	Nei	N	• Planid 20090117 skal framleis gjelde

BKB21	Fagerlia	Nei	N	• Planid 20110109 skal framleis gjelde
BKB22	Krokane - gang og sykkelveg	Nei	N	• Planid 20110101 skal framleis gjelde
BKB23	Solheim, bustad	Nei	N	• Planid 20120103 skal framleis gjelde
BKB24	Slettevoll	Nei	N	• Planid 20080119 skal framleis gjelde
BKB25	Slettevollsvingen	Nei	N	• Planid 20140102 skal framleis gjelde

3.9 Fritids- og turistformål - BFT

Innafor desse områda er det krav om ei heilskapleg arealutvikling i samsvar med eksisterande bruk.

Nr	Stad	Utnyttigsgrad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
BFT1	Florø Hotell	BYA 60%	Nei	N	• Maks mønehøgde/gesimshøgd er 13 m.
BFT2	Florø Rorbu	BYA 60%	Nei	N	• Maks mønehøgde/gesimshøgd er 13 m.
BFT3	Krokane Camping	BYA 40%	Nei	N	• Området kan utviklast som campingplass. Ålmenta skal ha tilgang til badeplassane. • Det skal leggjast vekt på god terrengtilpassing av bygg innafor området. • Maks mønehøgde/gesimshøgd er 7 m.
BFT4	Krokane camping	BYA 35%	Ja	F	• Området kan utviklast som campingplass. Ålmenta skal ha tilgang til badeplassane. • Det skal leggjast vekt på god terrengtilpassing av bygg innafor området. • Det kan etablerast fire nye hytter. • Dersom hytter skal plasserast på søre del av området på nedre platå, skal desse ha særskilt god terrengtilpassing og skal ha spesielt god arkitektonisk utforming. Kvalitet skal godkjennast gjennom fagleg vurdering i kommunens regi.

4 SAMFERDSELANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL§ 11-7 NR. 2)

4.1 Veg – o_SV

a) Vegarealet omfattar veganlegg med tilhøyrande grøfter, skråningar, fjellskjeringar, mur, gatelys, osv. Gatelys kan settast opp inntil 0 meter frå eigedomsgrense. Innafor området kan det og leggast kommunalt VA-anlegg, og anna naudsynt infrastruktur. Skråningsareal skal dekkast med jord etter inngrep, tilsåast og gjevast eit grønt preg. Murar skal som hovudregel byggast i naturstein. Der det ikkje er plass til etablering av natursteinsmur, kan mur byggast i betong.

Nr	Stad	Krav om reg.plan	Status	Særskilde føresegner for områda
o_SV1	Eksisterande veg	Nei	N	
o_SV2	Eksisterande gangveg	Nei	N	
o_SV3	Vegsamband frå Kinnvegen til Kystmuseet	Ja	F	• Ny tilkomstveg til Kystmuseet • Ved etablering av vegen skal det leggast vekt på god terrengtilpassing og skjerming mot naboar. • Traseen kan justerast noko gjennom detaljregulering dersom dette gjev eit samla betre resultat.
o_SV4	Gang og sykkelveg Vangsvegen – Pr. Gjelsviks veg	Nei	N	• Tilkomstveg til Prof. Gjelsvik veg.
o_SV5	Bjørkumvegen	Nei	N	• Eksisterande veg kan utbetrast. Ved utbetring må ein ha fokus på å utbetre tilhøva for mjuke trafikantar.
o_SV6	Vegnett på Krokane nord Gaddevågen/Furuhaugane/ Havikbotn	Nei	N	• Eksisterande veg kan utbetrast. Ved utbetring må ein ha fokus på å utbetre tilhøva for mjuke trafikantar • Utbetring må ta høgde for trafikkauke knytt til fortetting.
o_SV7	Solheim-Brandsøy	Nei	N	• Planid 20050103 skal framleis gjelde.
o_SV8	Djupedalen-Solheimstranda	Nei	N	• Planid 20200107 skal gjelde.
o_SV9	Planteskulevegen	Nei	N	• Eksisterande veg kan utbetrast. Ved utbetring må ein ha fokus på å utbetre tilhøva for mjuke trafikantar.
SV10	Mekevika	Nei	N	• Privat tilkomstveg.

4.2 Hovednett for sykkel – SHS

Føremålet o_SHS binder saman sykkelvegnettverket. Rundt neset ved Eidet skal vegen over sjø ligge i ein eigen konstruksjon som skal festast på fjell mellom kote 3 - 5. Det skal ikkje gjerast utsprenging av fjell på dette strekket. Det stillast krav til høg arkitektonisk kvalitet til konstruksjonen. Der konstruksjonen møter land i Båtevika kan det gjerast tilpassing av terreng. Området skal inngå i detaljreguleringsplan med o_SKF2 og o_BGU2 før det kan takast i bruk.

4.3 Lufthamn - SBG

Nr	Stad	Særskilde føresegner for områda
SBG	Florø Lufthamn	• Arealet skal nyttast til eksisterande og framtidige lufthamnføremål; rullebane, taksebane, fly- og helikopterhangar, terminalbygg,

		oppstillingsplassar, parkering, internvegar og andre naudsynte tiltak og areal for drift av flyplassen. Planid. 20060116 skal gjelde framleis der plankartet ikkje viser noko anna. • Turbulensforhold ved Florø lufthamn Bygg, massedeponi, snødeponi eller andre anlegg som vil få en høgde over rullebanen som er større enn 1/35-del av avstanden vinkelrett til rullebanens senterlinje eller dennes forlengelse med 2 km (basert på terskelhøyde), må forelegges Avinor for eventuell godkjenning. Dersom tiltaket ligger på terreng som er lavere enn rullebanen, skal tiltaket forelegges Avinor dersom det i seg selv er høyere enn 1/35-del av avstanden vinkelrett til rullebanens senterlinje eller dennes forlengelse. Avinor vil kostnadsfritt gjøre en forenklet vurdering av mulige turbulenseffekter tiltaket kan ha på operasjoner med luftfartøy. Dersom Avinor finner at det er nødvendig med en mer detaljert turbulensanalyse, må tiltakshaver besørge og bekoste slik analyse fra anerkjent leverandør. • Ny infrastruktur (bygg/anlegg) og endringer i landarealer som kommer i berøring / ligger i nærheten av inn- og utflyging samt etablerte soner for naud-prosedyrer, må utformes slik at de ikke tiltrekker seg fugler for kvile, mat eller hekking.

4.4 Hamn - SHA

- Føremålet SHA er areal avsett til ny containerhamn.
- Det er krav til utarbeiding av reguleringsplan med konsekvensutgreiing.
- Området skal regulerast saman med industriområdet BN4.
- I arbeidet med ei regulering skal det opprettast samarbeid med Kystverket.
- Det skal settast av kaiareal og tilstrekkeleg areal på land til omdisponering av containere til feeder-rute til andre lokale destinasjonar. Det skal stillast rekkjefølgjekrav til opparbeiding av dette i detaljregulering.
- Det kan etablerast kai for mottak av mindre fartøy.
- Det kan på området etablerast bygg til næring som er direkte relatert til containertrafikken.
- Kontor er berre tillate for bedrifter med ein direkte relasjon til containertrafikken. Behov skal dokumenterast.
- Det leggast opp til utfylling i sjø. Utfyllingsområdet skal knytast til land gjennom bru eller anna løysing som sikrar tilstrekkeleg vassgjennomstrøyming.

4.5 Molo – SMO

Innanfor SMO er det tillate med vedlikehald og mindre utbetringar. Større endringar som t.d. utviding eller fylling i sjø er søknadspliktige.

4.6 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur – S

Området skal nyttast til teknisk infrastruktur.

4.7 Parkering - P

Området skal nyttast til parkering, og skal nyttast i sambruk med BIA1.

4.8 Kombinerte føremål -SKF

	Stad	**Særskilde føresegner for områda**
SKF1	Nordnesvegen	• Arealet skal nyttast til veg og VA.
SKF2	Vangsvegen/ Prof. Gjelsviks veg – Båtevika	• Arealet skal nyttast til parkering, VA og sykkelveg som ein del av hovudnett for sykkel. • Området skal inngå i detaljreguleringsplan saman med o_BGU2 og o_SHS før det kan byggjast ut. • Grøntstruktur skal etablerast. • Det skal etablerast eigne felt for gåande og eige sykkelfelt med bredde på minst to meter i kvar køyreretning.

		• VA må leggjast om i samband med etablering av ny gang- og sykkelveg. • Dersom ikkje alt avsett areal nyttast til veg eller sikringssone rundt VA, skal restarealet opparbeidast med beplantning, benkar, leikestativ eller andre parkmessige tiltak.
SKF3	Kanalen/Eidet	• Utviklast i samsvar med planid 20160105
SKF4	Krokane	• Utviklast i samsvar med planid 20110101

5 GRØNTSTRUKTUR (PBL § 11-7 NR.3)

5.1 Naturområde - GN

I desse områda skal eksisterande natur takast vare på.

5.2 Kombinerte grøntstrukturføremål – GKG

Nr	Stad	Særskilde føresegner for områda
GKG	Knapstadmarka	• Planid 20130101 skal framleis gjelde

5.3 Turdrag GTD

Turvegar kan opparbeidast med inntil 2,5m breidde. Dei skal i størst mogleg grad leggjast slik at dei følgjer naturlege drag i terrenget og dei skal opparbeidast med minst mogeleg terrenginngrep. I den grad det er mogeleg, skal dei utformast universelt. I turområder innanfor 15 minutters gangavstand til Krokane sentrum og Florø sentrum skal det utplasserast sittebenker minst kvar 500 meter.

5.4 Friområde - GF

a) Der friområda består av naturleg skog og terreng skal dette takast vare på.

b) Dei friområda der det er gamle leikeplassar skal det kunne opparbeidast tiltak for å stimulere til leik og samvær.

c) I nye friområder innanfor 15 minutters gangavstand til Krokane sentrum og Florø sentrum (sjå vedlagt kart til kommunedelplanen) kan det etablerast nye leikeplassar eller parker.

d) Alle leikeplassar skal ha sittebenkar.

6 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL (PBL §11-7 NR.5)

6.1 Landbruks-, natur og friluftsformål - LNF

Dette er naturlege større samanhengande naturområde som skal bevarast som dei er.

6.2 Landbruks-, natur og friluftsformål for spreidd bygging - LS

a) Næringsareal/verksemder skal plasserast og utformast slik at dei etter kommunen si vurdering ikkje vil vere til vesentleg ulempe for kringliggjande busetnad eller allmenne interesser med omsyn til støy, ureining, trafikk eller andre negative konsekvensar for miljø og naboar. Tillate bruksareal er BRA=400m^2. Maksimal utvendig takhøgde er 9m. Utbygging utover dette krev reguleringsplan.

b) Tiltak kring vedlikehald og utbetring av bustad tillatast innan rammer lik B4.

7 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL § 11-7 NR.6)

7.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone - V

Innanfor områda V tillatast ingen tiltak.

7.2 Friluftsområde- VFR

Innanfor områda VFR tillatast ingen tiltak.

7.3 Ferdsel - VFE

VFE gjeld ferdsel for næringstrafikk og fritidsbåtar. Tiltak og aktivitet i områda som kan vere til hinder for ferdsel er ikkje tillate.

7.4 Farlei - VF

VF1-VF3 omfattar hovud- og bilei. Tiltak og aktivitet i områda som kan vere til hinder for ferdsel er ikkje tillate.

7.5 Kombinerte føremål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone - VKA

VKA1	Industrivegen	• Planid 20170102 skal framleis gjelde
	Fimlandsmarka (VKA2)	Inngår ikkje i vedtatt KDP i hht kommunestyrevedtak KOST 095/22.
VKA3	Sørstrand	• Planid 20100109 skal framleis gjelde
VKA4	Austvika	• Det kan leggjast ut flytebrygge i området.
VKA5	Bjørkum	• Det kan leggast ut flytebrygger. • Eventuell fylling og mudring skal avklarast i detaljregulering. • Arealet skal regulerast saman med BKB10. • Det vil i reguleringsplanen vektleggast at det er ein god balanse mellom private interesser og samfunnsinteresser knytt til bruk av strandsona.
VKA6	Krokane camping	• Området kan nyttast til utlegging av flytebrygger og flytande badstue så langt det ikkje kjem i konflikt med badeplass på Lille Prata og Store Prata.
VKA7	Solheim	• Planid 20120103 skal framleis gjelde.

7.6 Småbåthamn - VS

- Føremålet VS er sjøområda knytt til småbåthamner. Innanfor desse områda kan det etablerast kaifrontar, brygger, flytebrygger og andre tiltak knytt til drift av småbåthamna. Utmudring, plastring og mindre justeringar av molo er tillate. Ved vesentleg endring av molo eller auke av tal båtplassar utover 10 må det utarbeidast reguleringsplan, jfr. planføresegnene pkt. 2.1 a). Ved fylling og mudring krevjast miljøundersøkingar, samt løyve etter forureiningslova (Statsforvaltaren).

7.7 Hamn - VHS

- Føremålet VHS skal nyttast til hamneføremål og naturleg tilhøyrande aktivitet. Det kan plasserast flytebrygger i områda, dersom dette ikkje hindrar anna båtfart.

8 OMSYNSSONER (PBL § 11-8)

8.1 Restriksjonssone lufthamn H190_1-3

- Sone H190_1 er byggerestriksjonsflater rundt flynavigasjonsanlegg. Alle søknader om etablering av nye tiltak innanfor denne sona som treng gjennom byggerestriksjonsflater rundt flynavigasjonsanlegget ved Florø lufthamn vist med koter (raude streksymbol) på Avinors teikning ENFL-P-09, skal godkjennast radioteknisk av Avinor.
- H190_2 er byggerestriksjonssone for lufthamna. Innanfor sona gjeld dei høgderestriksjonar som er angitt med koter (svarte streksymboler) på gjeldande restriksjonsplan for Florø lufthamn, Avinors teikning ENFL-P-08. For områder mellom dei viste koter, skal høgderestriksjonen bereknast gjennom interpolasjon. Innanfor omsynssona kan det ikkje etablerast tiltak som overstig høgderestriksjonane som vist på plankartet. Vegetasjon skal haldast under hinderflatene, og naudsynt fjerning av vegetasjon vil bli gjennomført av Avinor.
- Alle nye reguleringsplanar innanfor omsynssonene skal innarbeide høgderestriksjonane i form av eigne omsynssoner på reguleringsplanane. Alternativt må det i nye reguleringsplanar lagast føresegner med maksimal tillaten byggehøgde (mønehøgde) på tiltak som ikkje overstig høgderestriksjonane i restriksjonsplanen ENFL-P-08 for lufthamna.
- Dersom det skal nyttast byggekranar som bryt høgderestriksjonane i restriksjonsplanen, skal Avinor Florø lufthamn varslast og godkjenne desse på førehand.
- H190_3 er restriksjonssone rundt innflygingslysa. Innanfor denne sona skal ingen objekt, med unntak av antenner for instrumentlandingssystem, tren gjennom eit horisontalplan gjennom innflygingslysa ut til 60 meter frå senterrekka sidevegs, og som avsluttast 60 meter utanfor ytterste innflygingslys.
- Avinor skal høyrast ved søknad om tiltak som endrar lyssettinga rundt lufthamna og som kan ha innverknad på tryggleiken for lufttrafikken.

8.2 Restriksjonssone Støy H210 og H220

- H210_1 er raud støysone rundt flyplassen.
- H210_2 er raud støysone langs veg.
- H220_1 er gul støysone rundt flyplassen.
- H220_2 er gul støysone langs veg.
- For desse sonene gjeld punkt 2.15 i føresegnene.

8.3 Faresone ras H310

Innanfor desse omsynssonene skal det i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller søknad om tiltak gjennomførast kartlegging og vurdering av ras- og skredfare. Kartlegging og vurdering skal utførast av fagkunnig, og eventuelle naudsynte sikringstiltak skal vere gjennomført før området kan takast i bruk, jfr TEK 17 § 7-3 og punkt 2.2 i føresegnene.

8.4 Faresone havnivåstigning/flaum H320

Planlegging og tiltak skal utførast slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av havnivåstigning og høg vasstand, jf. TEK17. § 7.2 og punkt 2.2 i føresegnene.

8.5 Faresone høgspent H370

Innanfor faresone H730 ligg høgspentanlegg. Tiltak innan H730 er ikkje tillate.

8.6 Restriksjonssone infrastruktur H410

- Innanfor sonene H410_1 ligg eksisterande hovudvassleidningsnettet til kommunen. Tiltak er ikkje tillate innan for H410_1.
- H410_2 er avsett til det framtidige hovudvassleidningsnettet. Tiltak er ikkje tillate innan for H410_2.
- Ved planlegging av alle nye tiltak skal den kommunale infrastrukturen ikkje komme til skade. Alle planlagde tiltak innanfor desse sonene skal godkjennast av kommunen ved avdeling teknisk drift.

8.7 Omsynssone friluftsliv H530

Retningslinje: Innanfor omsynssonene er det kartlagt viktige friluftsverdiar. I desse sonene skal omsynet til det allmenne friluftslivet prioriterast ved vurdering av alle nye tiltak. For detaljert skildring og verdsetting av dei ulike områda, sjå temakartet Friluftsliv i kommunen sin kartportal.

8.8 Omsynssone naturmiljø H560

Innanfor desse sonene skal det takast særleg omsyn til desse viktige naturkvalitetane. Nye planlagde tiltak innanfor sonene skal avklarast og godkjennast av statlege sektorstyresmakter, høvesvis Statsforvaltaren for H560_1 og 2 og Fiskeridirektoratet for H560_3.

H560_1 er sone for utvalde naturtypar.
H560_2 er sone for utvalde naturtypar ålegrasenger.
H560_3 er sone for viktige gyteområder.

8.9 Vern av kulturminner/kulturumiljø H570

Innanfor desse sonene skal det ved planlegging av nye tiltak må det ved kvar sak sjå til at kulturminna ikkje blir øydelagde eller får redusert kvalitet:

H570_1: spor etter tysk krigsaktivitet frå 2.verdenskrig, generelt omtala som krigsminne/miljøobjekt/kulturmiljø.
H570_2: Nordenesmastene – kulturmiljø.
H570_3: Furesundet – bygning/miljøobjekt.
H570_4: Nothenget – bygning/miljøobjekt/kulturmiljø.
H570_5: Jotunet – kulturmiljø.
H570_6: Kystmuseet – bygning/miljøobjekt/kulturmiljø.
H570_7: Båtevik-huset – bygning/miljøobjekt.
H570_8: Kanalen – kulturmiljø - open trasè for småbåtar.
H570_9: Nybø gard – bygning/miljøobjekt/kulturmiljø.
H570_10: Havikbotn – kulturmiljø/omsynsone kring automatisk freda kulturminne.
H570_11: Vagreneset – kulturmiljø/omsynsone kring automatisk freda kulturminne.

8.10 Bandlegging etter lov om kulturminner H730

a) Innanfor omsynssonene d H730 er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Tiltak eller inngrep som kan øydeleggje, skade, tildekke eller på annan måte utilbørleg skjemme kulturminnet mellombels eller permanent er ikkje tillatt jf. kulturminnelova § 3.
b) Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Vestland fylkeskommune, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.
c) Alle tiltak som vil føre til varige inngrep i sjøbotn skal saka leggast fram til vurdering ved Bergen sjøfartsmuseum som vedkomande mynde etter forskriftene til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminner, §14. Bergen sjøfartsmuseum vil eventuelt krevje å undersøke om det kan vere skipsfunn eller marine kulturminne i tiltaksområda. Etter Kulturminnelova §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkingane.

Nr.	ID:	Namn/lokasjon/type
H730_1	107051-1	Havreneset Sør I / Bosetning-aktivitetsområde
